





KI-notat nr.: 52/2009 - Bakgrunn for vedtak

Moane Kraft AS - søknad om bygging av minikraftverk i Breidalselva - Ryggvassdraget		
Søker/sak:	Breidalselva - Ryggvassdraget	
Fylke/kommune:	Sogn og Fjordane/Gloppen kommune	
Ansvarlig:	Øystein Grundt	Sign.: 
Saksbehandler:	Magne Geir Verlo	Sign.: 
Dato:	25 JUN 2009	
Vår ref.:	NVE 200708173-25 rv/mgv	
Sendes til:	Søkjar og alle som har uttalt seg til saka	

Middelthuns gate 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no
Org. nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
0827 10 14156

Moane Kraft AS - Søknad om løyve til bygging av Breidalselva minikraftverk i Ryggvassdraget i Gloppen kommune

Innhald

Samandrag	1
Søknad	2
Høyring og distriktshandsaming	4
Søkjar sine kommentarar til høyringsuttalane	18
Planendring	23
Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) sine merknader	25
NVE si vurdering	28
NVE sin konklusjon	35
Merknader til konsesjonsvilkåra	35

Samandrag

Det er søkt om løyve til bygging av minikraftverk i Breidalselva, som er ei av elvegreinene i det verna Ryggvassdraget i Gloppen kommune. Kraftverket vil etter endra planer påverke ei elvestrekning på ca. 1,6 km, med inntak på ca. kote 435, like ovanfor Gimmestadstøyle. Det var først søkt om inntak innanfor den då planlagde grensa for Naustdal/Gjengedal landskapsvernområde. Landskapsvernområdet vart formelt oppretta 9. januar 2009. Inntaket er gjennom planendring flytta utanom grensa for landskapsvernområdet.

Gloppen kommune og fylkeskommunen er positive til søknaden, medan fylkesmannen, Sogn og Fjordane Turlag og Naturvernforbundet frårår konsesjon til prosjektet dersom inntaket vert plassert som først omsøkt. Vassdraget sin status som verna vassdrag vert også nemnt som del av grunnlaget for denne konklusjonen. I eit par av uttalane vert det signalisert tydeleg at ei ev. utbygging ikkje må koplust til reiselivssatsing med naturinngrep som t.d. veg opp til Breidalsvatnet.

NVE legg vesentleg vekt på at tiltaket ikkje påverkar urørt område og at det ikkje i noko omfang svekkar viktige verneverdiar som etter vårt syn i hovudsak ligg i andre deler av vassdraget. Fråføringa av vatn er avgrensa og inntaket ligg utanfor grensa for landskapsvernområdet. I forhold til verneverdiane vurderer NVE det omsøkte kraftverket til ikkje vere i strid med krava i vassressurslova § 35, post 5 og 8. Kraftverket sin storleik ligg elles innafor dei føringar som er lagt av Stortinget for utbyggingar i verna vassdrag.

Ei utbygging av Breidalselva minikraftverk etter føreliggjande planar vil gje om lag 6 GWh i ny årleg kraftproduksjon. Samstundes vil det kunne vere ei styrking av inntektsgrunnlaget for dei lokale eigarane og bidra til auka verdiskapning og næringsutvikling. NVE meiner at med ei avgrensa slukeevne og minstevassføring heile året så vil verknadene for ålmenta vere små.

Etter ei samla vurdering av planane og innkomne uttalar meiner NVE at fordelane med bygging av Breidalselva minikraftverk etter endra planar er større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Moane Kraft AS løyve etter vassressurslova § 8 til bygging av Breidalselva minikraftverk med maksimal slukeevne på 300 l/s. Løyvet vert gjeve på nærare fastsette vilkår.

Søknad

NVE har motteke følgjande søknad fra Moane Kraft datert 24.09.2007:

"På vegne av Moane Kraftverk (SUS) vert det med dette søkt om løyve til utbygging av Breidalselva kraftverk i Ryggvassdraget, Gloppen kommune i Sogn og Fjordane etter:

- *Lov om vassdrag og grunnvatn av 24. november 2000*
- *Energilova av 29. juni 1990*

Det vert søkt om løyve til fylgjande inngrep:

- *Bygging av kraftverk med inntak i Breidalselva på kote 490, nedgravd rørgate med lengde ca 1970 m, kraftstasjon på kote 100 og tilhøyrande naudsynte veganlegg og hjelpeanlegg.*
- *Bygging av ca. 1350 m ny kraftlinje med 22 kV spenning frå kraftstasjon til eksisterande 22-kV linje på Gimmestad.*

Grunneigarane på Gimmestad og Moen er stiftarar og eigarar av selskapet. Dei eig i felleskap fallrettane som skal nyttast av kraftverket og grunnen der inntak, rørgate og kraftstasjon er lokalisert. Den planlagde kraftlinja går over utmark i sameige og innmark som er eigd av einskilde av grunneigarane i selskapet.

Grunneigarane står som tiltakshavarar for prosjektet. Dei har gardsbruk, dei fleste i full drift, og ønskjer å gjennomføre tiltaket for å forbetre næringsgrunnlaget for gardsbruka, i ein situasjon der lønsemda i tradisjonelt jordbruk er på stadig tilbakegang.

Nødvendige opplysningar om utbygginga framgår av vedlagde utgreiing."

Hovuddata i søknaden for Breidalselva minikraftverk

TILSIG		Hovudalternativ
Nedbørfelt	km ²	6,0 km ²
Middelvassføring	m ³ /s	0,61 m ³ /s
Alminnelig lågvassføring	l/s	0,04 m ³ /s
Inntak	moh.	490 moh
Avløp	moh.	100 moh
Brutto fallhøgde	m	390
Midlare energiekvivalent	kWh/m ³	0,95 kWh/m ³
Slukeevne, maks	m ³ /s	0,3 m ³ /s
Slukeevne, min	m ³ /s	0,05 m ³ /s
Tilløpsrør, diameter	mm	0,45 m
Tunnel, tverrsnitt	m ²	-
Tilløpsrør lengde	m	1970 m
Installert effekt, maks	kW	999
Brukstid	timer	6000

PRODUKSJON

Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	2,86 GWh
Produksjon, sommer (1/5 - 30/9)	GWh	3,41 GWh
Produksjon, årlig middel	GWh	6,27 GWh

ØKONOMI

Utbyggingskostnad	mill.kr	11,6 mill. kr
Utbyggingspris	kr/kWh	1,86 kr/kWh

Breidalselva minikraftverk, elektriske anlegg

GENERATOR		
Ytelse	MVA	1100
Spenning	kV	0,4
TRANSFORMATOR		
Ytelse	MVA	>1200
Omsetning	kV/kV	0,4/22
NETTILKNYTNING		
Lengde luftlinje	km	1,35
Nominell spenning	kV	22

Høyring og distriktshandsaming

Søknaden er oversendt lokale og regionale styresmakter, lagt ut til offentlig gjennomsyn og annonsert i lokal avis. Det er halde sluttssynfaring der uttalepartane vart invitert.

NVE har motteke følgjande uttalar til søknaden:

Gloppen kommune, vedtak kommunestyret 26.10.2007:

"Gloppen kommunestyret tilrår at Moane Kraftverk AS får konsesjon for å byggje kraftverk i Breidalselva i samsvar med søknad.

Kommunestyret har følgjande merknader:

- 1. Kommunestyret presiserer at utbygginga ikkje må knytast opp mot reiselivssatsing i Breidalen.*
- 2. På grunn av konflikt med eksisterande støylsruås, tilrår kommunestyret at røytraseen frå støylen og nedover vert vurdert etter eit noko meir vestleg alternativ.*

Kommunestyret vedtok 12.06.06. retningslinjer for kommunen si behandling av småkraftutbygging i Gloppen:

Gloppen kommunestyre er positiv til at det kan byggast ut småkraftverk i kommunen. Før kommunestyret tek avgjer i den einskilde søknad skal kommunestyret vurdere:

- Visuelt inntrykk etter utbygging*
- Innverknad på det tradisjonelle landbruket (resipient, flaum m.m.)*
- Tilhøvet til anna næring (t.d. turistnæring, utmarksnæring)*
- Naturinngrep ved utbygging*
- Den samla utbygginga i området*
- Kraftlineføring*
- Kor stor del av vassdraget som er tenkt utnytta*
- Økonomi*
- Eigarskap*

Det vil normalt ikkje bli tilrådd utbygging i område som det allereie er lagt vernerestriksjonar på.

Dette er moment som kommunestyret har følgd i alle utbyggingssaker – også før retningslinene vart vedteke.

Slik rådmannen ser det er det ikkje noko i dei vedteke punkta som skulle tilseie ein negativ uttale frå kommunen. Likevel er det sjølvstakt slik at ei kraftutbygging alltid vil vere eit inngrep i naturen som vil ha negativt visuelt inntrykk og her vil store deler av elva bli lagt i røytr.

Det som her heilt klart kompliserer saka er at utbygginga ligg i eit verna område og delvis også i eit område som er foreslått til landskapsvernområde. Kommunestyret sine retningslinjer seier at det normalt skal fråråddast konsesjon i slike område. Rådmannen kjem likevel til å tilrå utbygging og grunngjev dette m.a. med at utbygginga er lita i høve til heile vassdraget, utbygginga vil gjere det enklare å oppretthalde landbrukseigedomane i området. Rådmannen har og registrert grunneigarane si interesse for å utnytte området i turistaugemed.

Denne utbygginga isolert er altså etter mi oppfatning så lita at den bør kunne akseptrast sjølv i eit område med restriksjonar. Dette vert sjølvstakt meir komplisert for eventuelt ytterlegare utbyggingsplanar i vassdraget."

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, brev av 11.06.2008:

”

Ryggelva

Ryggelva ligg på vestsida av Gløppefjorden. Elva har to hovudgreiner, den eine er Traudalselva og den andre er Langedalselva. Breidalselva er ei sidegrein til sistnemnde. Ryggelva er verna i samband med Verneplan IV for vassdrag. Vassdraget er verna fordi det utgjer ein viktig del av eit landskap med særprega og varierte landskapsformer og verdifulle kulturminne. Ryggelva med nedbørsfelt er vurdert til å ha ”meget store” verneverdiar når det gjeld geofag og kulturminne. I samband med kulturminne heiter det i NOU 1991: 12B at ”Landskap og bygningsmiljøer har store opplevelsesverdier, og har nær tilknytning til vann og elver.” Botanikk, land- og vassfauna og friluftsinnteresser har også stor verneverdi. Vassdraget vart vidare vurdert å ha verdi som type- og referansevassdrag. Totalt er nedbørsfeltet ca 61 km². Dei øvre delane av vassdraget ligg i det som er føreslege som Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Ryggjastøylen i Traudalsgreina og Gimmestadstøylen i Breidalsgreina ligg i område til Fylkesdelplan for Naustdal-Gjengedal.

Vurdering

Til søkjar opplyser vi at Fylkesmannen skal vurdere desse sakene i høve til miljøverninteresser og allmenne interesser. Dette omfattar tema som naturmiljø (m.a. landskap, biologisk mangfald, inngrepsfri naturområde, fisk) og friluftsliv. NVE har avgjerdsrett etter vassressurslova. Vidare vurderar vi meldingar og søknader i høve til lakse- og innlandsfiskelova og forureiningslova. Miljøverndepartementet har avgjerdsrett etter forureiningslova når det gjeld uttak av vatn i samband med vasskraftutbygging.

Landskap og friluftsliv

Elva ligg vendt mot aust og Gløppefjorden. Delar av den planlagt utbygde elvestrekninga er synleg i landskapet i dag. Det er særleg eit foss/strykparti nedanfor støylen som visast godt frå bygda og fjorden. Breidalselva er truleg den delen av vassdraget som vises best i landskapet også på avstand, og særleg med større vassføringar. Det er elles per i dag ein god del vegetasjon langs vassdraget. Av landskapsomsyn bør ein ikkje føre vatn frå elva før den har runne forbi støylen og dei synlege strykpartia nedanfor.

Inntaket vil vere i nærleiken av stien til Breidalsvatnet og området er eit svært attraktivt friluftsområde som særleg er mykje besøkt i sommarhalvåret. Det er også frå lokalt hald vist til at ein gamal stølsveg, som er rusta opp med offentlege midlar og som er mykje nytta til turgåing, kan bli øydelagt slik røyrgata no er planlagt. Vi viser elles til uttale frå Sogn og Fjordane turlag når det gjeld friluftsliv.

Naturmiljø, biologisk mangfald, verneplanar og inngrepsfri område (INON)

Det er ikkje registrert særskilt verdifulle naturtypar eller vasstilknytte sjeldne artar i området. Frå tidlegare er det registrert sjeldne fuglar. Vi er usikre på kor vidt hubroen hekkar i området. Dette bør ev. undersøkast vidare. Det er også gjort lite undersøkingar når det gjeld vasstilknytte fuglar. Dersom hubroen finst i området bør det ikkje byggjast nye kraftlinjer i samband med ev. kraftutbygging i området. Hubro er ein art som er raudlista som sterkt truga (EN). Vassdraget er verna som eit type- og referansevassdrag. Dette legg etter vår vurdering føring for at det i mindre grad er aktuelt med kraftutbygging, og at vassdraget må vurderast under eitt for dei aktuelle utbyggingsalternativa.

Inntaket ligg innanfor grensa til det føreslegne Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, som ligg til slutthandsaming i Miljøverndepartementet. Det er etter vår vurdering i strid med verneinteressene og difor uakseptabelt med inntak til kraftverket i det aktuelle verneområdet. I samband med verneframlegget blei det også laga ein fylkesdelplan for stølsdalane og randområda rundt landskapsvernområdet. Retningslinene for arealbruk i fylkesdelplanen seier m.a. dette om eventuell kraftutbygging: "Ved søknad om kraftutbygging må ein særleg ta omsyn til nærleik og innfallsportar til fjellområdet. Områdeanalyse med vurdering av landskapsbilde, kulturminne og kulturlandskap skal leggjast til grunn for alle nye tiltak og inngrep. Manøvreringsreglementet skal sikre naturleg vassstand i lengst mogleg grad i sommarhalvåret."

Søknaden er ikkje god nok når det gjeld inngrepsfrie naturområde (INON). I følge tilsendt kart vil det gå tapt inngrepsfrie areal både i sone 1 og 2. Utgangspunktet for verneplanen for Naustdal-Gjengedal er at dette er eit av dei få områda som er att i Sør-Noreg som kan kallast villmarksområde. Det finst ingen alternative tilsvarande område av tilsvarande storleik vest for Jostedalsbreen. Ei utbygging vil ikkje redusere villmarksprega område, men vil snevre inn ein arm til/frå eit slik område, og fragmentering av naturområde er ein vesentleg trussel for biologisk mangfald.

Fisk og fiske

Vatnet skal gå tilbake i elva på kote 100 som i følge søkjar er ovanfor anadrom strekning. Søkjar opplyser at fisken i elva elles er småfallen og i relativt dårleg kondisjon, og at den aktuelle strekninga er bratt med få moglege leveområde og botnfrysing av kulpar vinterstid. Det er ikkje gjort undersøkingar knytt til vassfaunaen elles.

Ryggelva er anadrom og naturleg vandringshinder ligg ca 1,5 km frå sjøen. Sjølv om kraftverket er plassert ovanfor anadrom strekning kan denne bli påverka av ev. utfall i kraftverket, og brå endringar i vassføringa.

Ureining, vasskvalitet og støy

Det er ikkje venta at vasskvaliteten vil endre seg på grunn av vassuttaket. Vi ser det som lite sannsynleg at vasskvaliteten vil bli vesentleg endra av omsøkt tiltak. I høve til ureiningslova er tiltaket difor lovleg. Dersom det viser seg at tiltaket fører til skader eller ulemper ein ikkje er klar over eller har opplysningar om no, kan det bli aktuelt å vurdere tilhøvet til ureiningslova på nytt. Tiltakshavar kan vidare bli erstatningspliktig for ev. skader/ulemper som følgjer av tiltaket.

Det bør leggjast vekt på støydempende tiltak knytt til ev. kraftstasjon. Støynivået bør halde seg innanfor tilrådde støygrenser i T-1442 "Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging". Jf. Punkt 3.1 "Anbefalte støygrenser ved planlegging av ny virksomhet eller bebyggelse" om støy frå industri m.v.

Det må takast høgde for ev. andre vassuttak (drikkevatn, jordbruksvatning, vatn til settefiskanlegg) når minstevassføring skal bereknast.

Landbruk

Søkjar opplyser at utbygginga har positive konsekvensar for landbruksdrifta i området. Ev. tap av gjerdeeffekt må erstattast dersom det gjeld rettar for andre enn utbyggjar/dei som har fallrettar på elvestrekka.

Tilråding

Fylkesmannen vurderer at denne utbygginga er i strid med nasjonale miljøverninteresser og allmenne interesser. Fylkesmannen rår difor i frå at det vert gjeve løyve til Breidalselva kraftverk etter føreliggjande planar. Det er ikkje akseptabelt å leggje inntak til kraftverk innanfor det føreslegne Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Tiltaket er også etter vår vurdering i strid med vassdragsvernet, og det bør utarbeidast ei oversikt og samla vurdering over aktuelle kraftutbyggingar i Ryggelva før det ev. vert gjeve løyve til kraftutbygging i det verna vassdraget.

Det er som kjent også kraftutbyggingsplanar i Traudalselva, og biologien i Langedalselva er undersøkt til ein viss grad med tanke på kraftutbygging. Med bakgrunn i at vassdraget er verna mot kraftutbygging, og at det skal fungere som eit type- og referansevassdrag, meiner vi at alle aktuelle planar bør på bordet før det vert teke ei avgjerd på kva som kan akseptast av ev. kraftutbygging. Vi er klar over at dei planane som i si tid vart fremja i samband med Samla plan var av andre dimensjonar, men vassdraget er ikkje veldig stort og det verkar for å vera planar om elvekraftverk i alle dei aktuelle greinene av elva.

Dei ulike alternativa bør samanliknast, og det må vurderast korleis vassdraget sine referanseverdiar skal ivaretakast ved ein ev. utbygging. Ev. tap av inngrepsfrie naturområde må kart- og talfestast. Det bør også gjerast greie for alternative minstevassføringar. Vi saknar for eksempel 5-persentilar. Truleg bør naturutgreiingane supplerast noko på fugl, og kanskje på alternative traséval for rørgater. Bilete av Ryggelva og dei ulike greinene ved ulike vassføringar, kan gje eit betre grunnlag for landskapsvurderingar.”

Sogn og Fjordane fylkeskommune, vedtak fylkesutvalet 30.01.2008:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at konsesjon vert gitt på visse vilkår, ut frå at dei økonomiske fordelane av tiltaket vert vurderte til å vere større enn ulempene og kraftverket vil styrkje næringsgrunnlaget lokalt.
2. Det vert vist til opplysningar om kulturminne frå nyare tid både ved Gimmestadstøylen og ved den planlagde kraftstasjonen. Skadeverknadene for desse kan reduserast ved flytting av inntak og kraftstasjon og/eller ved auka minstevassføring.
3. Av omsyn til landskap og fugleliv bør det leggjast jordkabel mellom kraftstasjonen og eksisterande 22 kV linje

Vurdering av fordelar og ulemper, evt nye forslag til avbøtande tiltak

Generelt

Fordelane ved tiltaket er fyrst og fremst av økonomisk karakter og knytt til energiproduksjon på 6,27 GWh/år. Kraftverket vil bidra til lokalt næringsgrunnlag og til skatteinntekter. Aktuelle ulemper vil vere knytt til bygningsmessige tiltak (inntaksdam, rørgate, kraftverksbygning og kraftlinje) og redusert vassføring i Breidalselva. I høve til forslaget om landskapsvernområdet Naustdal-Gjengedal med stølsdalane som innfallsportar til dette, er det ein konflikt ved at inntaket er planlagt ovanfor plangrensa. I forhold til kulturminne frå nyare tid er det også påvist konflikter.

I søknaden er det omtalt at det i samband med utbygginga kan vere aktuelt å satse på tilrettelegging for reiseliv/friluftsliv for folk flest og for rørslehemma spesielt. Fylkesrådmannen ser ikkje noko negativt i at det vert vurdert annan aktivitet med basis i dei investeringane som blir lagt ned i anleggsveg/rørtrase, men vurderer dette til å ligge utanfor sjølve søknaden om

kraftutbygging. Fylkesrådmannen legg difor til grunn at røyrgrofta vert lagt igjen og tildekkja på vanleg måte med stadlege massar, så langt det gjeld vasskraftprosjektet.

Forslag om landskapsvernområde

I tråd med intensjonen for forslaget om landskapsvernområdet Naustdal- Gjengedal, meiner fylkesrådmannen at inntaket til kraftverket må plasserast nedstrøms grensa for dette.

Automatisk freda kulturminne

Gimmestad var ein svært framtrekande gard i førhistorisk tid. Støling og bruk av ressursar i utmarka har vore viktige for garden. Støylen har vore i bruk i førhistorisk tid, og det same har andre viktige stader for utmarksressursbruken vore. Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne i utmarksområdet til garden, noko som avspeglar manglande kulturminne-registreringar. Skulle det gjevast konsesjon må det setjast vilkår om at tiltakshavar si undersøkingsplikt etter Lov om kulturminne § 9, må oppfyllest. Kulturminneregistreringa må gjennomførast på snø- og telefri mark, og tiltakshavar må bestille registreringa i god tid før anleggsarbeidet skal gjerast. Skulle automatisk freda kulturminne bli påviste, så skal dei handsamast i tråd med vanleg forvaltingspraksis for slike.

Kulturminne frå nyare tid

Gamle ræser og stølsvegar er å sjå på som kulturminne og utgjer viktige element i landskapet. I den grad det er mogeleg, må det ikkje gjerast skade på kulturlandskapselement som vegar, steingardar, bakkereinere eller andre synlege spor etter tidlegare landbruksaktivitet i området.

Det gamle gardfjøs miljøet, stølsråsa og Gimmestadstøylen, er viktige element i eit større heilskapleg kulturlandskap med vekt på å utnytte beiteressursane i utmarka. Gimmestadstøylen er spesiell ved at sela står på to rekkjer og tuftene etter slåtteløper ligg i utkanten av støylen. Vurdert ut frå kulturminneinteressene bør inntaket for anlegget plasserast nedstrøms Gimmestadstøylen. På den måten vil vassmiljøet framleis utgjere eit viktig element i det kulturhistoriske miljøet på støylen. Dessutan vil dette redusere nødvendig strekning med røyrgate og anleggsveg.

Kraftstasjonen er tenkt plassert nedstrøms gardfjøsane til Gimmestad, i eit område der det er murar etter ei gamal sponsgang /sponghøvel. Anlegget var tidlegare brukt til å produsere blåbærkorger for eksport til England. Like i nærleiken er det og restar etter eit gammalt sagbruk. Litt lenger oppe langs elva ligg eit gammalt kvernhus frå 1800 talet saman med det gamle og heilt spesielle gardfjøs miljøet til Gimmestad. Samla utgjer dette eit kulturlandskap og eit kulturmiljø, som vil verte langt fattigare utan at det er normal vassføring i elva. Ut frå kulturminne-interessene er det difor ønskjeleg at kraftstasjonen vert plassert ovanfor dei SEFRAK-registrerte gardfjøsane til bruka på Gimmestad, på kote 115-120. For å sette minst mogeleg synlege spor i kulturlandskapet og for å få til ei raskare revegetering, er det viktig å nytte naturleg vegetasjon frå staden til overdekking på grøftene. Eventuell overskotsmasse frå nedgraving av rørgata må plasserast på ein slik måte at det vert lite synleg i terrenget og med naturleg vegetasjon som overdekking.

Konklusjon/tilråding

Samla sett vurderer fylkesrådmannen fordelane ved tiltaket som større enn ulempene, og vil difor rå til at konsesjon vert gitt på visse vilkår. I tråd med intensjonen for forslaget om Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, må inntaket til kraftverket plasserast nedstrøms grensa for dette. Det vert vist til opplysningar om kulturminne frå nyare tid både ved Gimmestadstøylen og ved den planlagde kraftstasjonen. Skadeverknadene for desse kan reduserast ved flytting av inntak og kraftstasjon og/eller ved auka minstevassføring. Av omsyn

til landskap og fugleliv bør det leggst jordkabel mellom kraftstasjonen og eksisterande 22 kV linje.”

Statens vegvesen, Fjordane distrikt, brev av 19.10.2007:

”Statens vegvesen har gått gjennom søknaden og har ikkje merknader til etablering av Moane kraftverk. Vi vil berre minne om at alle nærføringar og kryssingar av offentleg veg med kabel/leidning, avkøyrsløse eller dispensasjon frå byggegrense skal søkas om på vanleg måte.”

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, brev datert 28.11.2007:

”Vernestatus

Breidalselva er ein del av den varig verna Ryggelva, som kom med på lista over verna vassdrag i 1993. Grunngevinga for vern var dei varierte landskapsformene, store kulturminne i området og verdien som type- og referansevassdrag.

Over ca kote 400, litt høgre enn Gimmestadstøylen, ligg Breidalselva inne i den planlagde Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Forslaget ligg i Miljøverndepartementet for endeleg avgjerd, og det er basert på eit felles framlegg frå fylkesmannen og fylkeskommunen. Konfliktane er avklara, og det er grunn til å tru at Kongen vil opprette verneområdet i samsvar med den eksisterande planen.

Begge desse tiltaka fortel at området har viktig natur å ta vare på i uforstyrra tilstand, sjølv om det ikkje er registrert mange sjeldne eller sterkt truga artar som vil ta skade av utbygginga. Det er viktig å halde nokre område med vanleg natur utan inngrep.

Den planlagde plasseringa av inntaket vil redusere arealet av inngrepsfrie område i Breidalen og lenger sør. Dette gjeld ikkje berre dei som ligg 1-3 km frå tyngre inngrep, som ein kan få inntrykk av i rapporten frå Aurland Naturverkstad. Skogane nord for ei line i vestleg og søraustleg retning frå Gimmestadstøylen er i stor grad gjennomskorne av vegar for bil og traktor, medan fjelltraktene lenger sør er utan tyngre inngrep.

Det er, som vanleg i slike saker, gjort lite for å skaffe fram nye opplysningar om kva for dyr og planter som finst i området. Vi vil likevel hevde at verdien av området skal, etter det skjemaet som ligg til grunn for verdsetting av biologisk mangfald (side 8 i teksten frå Aurland Naturverkstad BA) vere stor. Grunnen er først og fremst at ein del av det direkte påverka arealet er føreslått verna. Utbygginga vil òg påverke inngrepsfrie område som er større enn 25 km². At vassdraget er verna som type- og referansevassdrag, talar for same konklusjonen.

Breidalen er eit mykje brukt og lokalt viktig friluftsområde. Dalen er open, vakker og innfallspørt til dei kjende Sørstrandsfjella i Gloppen, som er ein del av eit større og regionalt viktig friluftsområde. Begge kategoriane er vedtekne i fylkesdelplanar for arealbruk, som har til føremål å sikre områda mot inngrep som er i strid med friluftslivet. I boka Dagens tur – året rundt. Fotturar i Gloppen karakteriserer Jan Nik. Hansen fjellområdet mellom Traudalen i vest, Langedalen i aust og Gjengedalsområdet i sør som noko av det villaste og vakraste rundt Gloppefjorden.

Vår vurdering av søknaden

1. Det er opna for å søkje konsesjon til utbygging i verna vassdrag for kraftverk opp til 1 MW. Den vesentlege grunngeving for dette vedtaket var at gjennom konsesjonsvedtaket kan NVE setje krav til omfang og utforming av utbygginga. Vedtaket inneber ikkje at det på nokon måte skal vere vanleg å gje konsesjon i slike tilfelle, og heller ikkje at det skal vere lettare å få

konsesjon enn det tidlegare var til å få som svar at søknaden treng ikkje konsesjon. Prinsippet om at det ikkje skal komme nye kraftverk i verna vassdrag står fast. I dei tilfella det likevel vert opna for nye utbyggingar, skal dei ikkje gå ut over verneverdiane.

Til grunn for Verneplanen IV i 1993, då Ryggelva vart verna, låg det relativt god kunnskap om verdiane i mange fleire vassdrag enn dei som vart verna. Ryggelva representerer naturtypar og verdier som ikkje, eller i mindre grad, er representert i andre verna vassdrag. Dersom vatnet i Breidalselva vert liggande i røyr i bortimot 2 kilometers lengde, har elva tapt det vesentlege av sin verdi som ein del av det verna type- og referanseassdraget. Dette talar med stor tyngde for å seie nei til søknaden.

2. Det øvste delen av utbygginga ligg innanfor grensa for det planlagde landskapsvernområdet og er i konflikt med føremålet med det. Etter naturvernlova kan det i landskapsvernområde "ikke iverksettes tiltak som vesentlig kan endre landskapets art eller karakter". Det må vere opplagt at elva i Breidalen er ein viktig del av landskapet, og at ein viktig del av karakteren ved slike dalar er den vekslende vassføringa i elva. Ei regulert elv har tapt sitt særtrekk, som landskapsvernet skal ta vare på.

Sjølv om landskapsvernområdet formelt ikkje er oppretta, vil det etter vår oppfatning vere urimeleg og obsternasig om vassdragsforvaltninga ikkje handlar som om det var etablert. Planen er utvikla gjennom eit langvarig og grundig arbeid for å sikre eit større, samanhengande naturområde utan større inngrep. Søknaden om utbygging av Breidalselva representerer ikkje samfunnsinteresser av ein slik art eller dimensjon at det kan forsvare å redusere verdien av eit fjellandskap som blir verna som ein del av nasjonalparkplanen, og altså for å ta vare på nasjonalt viktig naturverdier. Det planlagde landskapsvernområdet inneber etter vår oppfatning eit veto mot den delen av utbyggingsplanen som gjeld dalen høgre oppe enn Gimmestadstøyle.

3. Etter vår oppfatning er dei negative konsekvensane etter det skjemaet som Aurland Naturverkstad har lagt til grunn, å karakterisere som store.

4. Søkjarane har presentert ein plan som mellom anna går ut på å byggje ny veg frå Gimmestadstøyle til Breidalsvatnet, ein tillaga samlingsplass og ein gapahuk. Over ein million kroner skal moroa koste, og kraftverket skal finansiere inngrepa.

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane meiner denne tilrettelegginga inneber så store inngrep at dei ikkje let seg sameine med landskapsvernet. Dei er heller ikkje i tråd med Geoturismecharteret som Innovasjon Noreg har slutta seg til, og som går ut på at turistnæringa skal ta vare på dei natur- og kulturkvalitetane som er i eit område. Målet med vern er å ta vare på naturen som han er i nokre utvalde område, mellom anna for det enkle friluftslivet. Heile området som er planlagt for landskapsvern er relativt mykje brukt til turar sommar og vinter.

Det kan verke som søkjarane meiner turismeplanen er eit tilleggsargument for kraftutbygginga. Ei slik kopling meiner vi er å dra inn usaklege argument. Utan at økonomien i prosjektet har noko å seie for vårt syn på saka, stilleg vi oss likevel tvilande til om turismetiltaket kan gje noko overskot med så store investeringar som det her er snakk om. Det ligg ikkje føre opplysningar som tilseier at økonomisk overskot er innan rekkevidde. Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane går mot å gje løyve til den planlagde hestevegen og gapahuken.

Konklusjon

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane går mot å gje konsesjon til Breidalselva kraftverk med den grunngeving at elva er varig verna mot kraftutbygging og at inngrepet vil i vesentleg grad gå ut over type- og referanseverdien. Den delen av utbygginga som ligg innanfor det planlagde

landskapsvernområdet, er etter vårt syn opplagt i strid med verneføremålet, og kan under alle omstende ikkje få konsesjon.

I tillegg kjem at dei direkte konsekvensane av inngrepet er å karakterisere som store. Breidalen er eit viktig friluftsområde og innfallsport til dei vakre sørstrandsfjella i Gloppen, ein del av eit større og regionalt viktig friluftsområde.”

Sogn og Fjordane Turlag, brev av 03.12.2007:

”Friluftsliv i det aktuelle området:

Som det går fram av konsesjonssøknaden med vedlegg, er Breidalen eit attraktivt og mykje brukt friluftsområde. Vi viser til 3. avsnitt på side 3 i konsesjonssøknaden, og til Vedlegg 9 om Breidalen utmarksområde der vi hentar dette sitatet frå side 6:

”Som turterreng er Breidalen av det finaste og mest varierte ein finn i området kring Gloppefjorden. Frå parkeringsplassen ved Gimmestadstøylen tar det frå 45 minutt til ein time å gå inn til Breidalsvatnet. Dette er ein tur som er mykje nytta, ikkje minst av familiar med små born. Turen er ”overcomeleg” for born, og turmålet er attraktivt med eit fint fiskevatn og ope fjellterreng med storslått utsikt. Sprekare turgåarar nyttar ofte Breidalen som inngangsport til fjella mellom Gloppefjorden og Gjengedalen i Hyen. Det er fleire alternative ruter ein kan nytte når ein skal opp på fjellet. Den mest nytta er Salsnova via Svarthammaren og Salshilla. Nokre av rutene er meir krevjande, som t.d. Høgglenna, som skjer seg på skrå opp ei nesten loddrett fjellside inst i Breidalen. Denne ruta kan berre gåast dei somrane det er relativt lite snø i fjellet, men det verkar som om det skjer oftare no enn før.”

Vi sluttar oss fullt ut til denne omtalen, og vil i tillegg nemne følgjande:

- Heile utbyggingsområdet ligg inne i eit FRIDA-registrert lokalt viktig friluftsområde.
- Den gamle og restaurerte hellelagde stølsstien opp til Gimmestadstøylen er eit attraktivt alternativ til å køyre bil opp til støylen. I tillegg er dette eit kulturminne som det er viktig å ta vare på.
- I boka ”OPPTUR 267 fotturar i Sogn og Fjordane” av Anne Rudsengen, Selja forlag, er ruta Breidalen rundt, eller Breidalen – Svineryggen som den er kalla i boka, omtala som rute 23-06 på side 568 – 570. Ei svært fin, men noko krevjande rute.
- Frå Gimmestadstøylen/Breidalen er det ein fin tur å gå over Svineryggen og vidare til Storevatnet/Gjengedalsstøylen i Hyen. Denne turen er truleg litt lettare/raskare enn å gå rundturen attende til Gimmestadstøylen. Ein kan også gå via Svineryggen og gjennom Måsevassdalen og Blådalen til Longevasshytta, men dette er ein lang tur, 10 - 12 timar.

Det er klårt at det av omsyn til friluftslivet er viktig å unngå for mange naturinngrep i Breidalen. Særleg viktig er det å unngå inngrep ovanfor Gimmestadstøylen og inngrep som skadar den fine hellelagde stien opp til denne.

Kommentarar til utbygginga:

Slukevneintervallet for kraftstasjonen er mellom 8,2 og 49,2 % av gjennomsnittsvassføringa, og det er planlagt å sleppe ei minstevassføring lik ”Alminnelig lavvannføring”, eller 40 l/sek heile året. Viss vassdraget ikkje hadde vore verna, ville dette vore ei uvanleg ”snill” utbygging. Ettersom vassdraget er verna, og verdien det har som type- og referanseassdrag er del av

grunnlaget for vernet, må utbygginga vurderast mykje strengare. Slik vi har forstått det, bør ein i sideelvar i verna vassdrag ikkje ha større maksimal slukevne enn 25 % av gjennomsnittsvassføringa, og slik bør det vere også i denne utbygginga.

Minstevassføringa bør også vere større i eit verna vassdrag. I alle fall bør den vere minst 10 % av gjennomsnittsvassføringa, eller minst 61 l/sek heile året. For produksjonen vil ei høgre minstevassføring ha relativt lite å seie, ettersom det vil vere overløp anslagsvis 8 månader for året, men det kan vere viktig for å oppretthalde det biologiske mangfaldet i elva.

Inntak: Inntaket er tenkt plassert innanfor grensa til det planlagde Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Dette er etter vårt syn heilt uakseptabelt. Inntaket må plasserast på nedsida av grensa. Etter vårt syn bør inntaket helst plasserast nedstrøms Gimmestadstøyle, slik at elva framleis kan renne heilt fritt forbi støyle. Men viss ein kan finne ein godt kamuflert stad i elva mellom landskapsverngrensa og støyle, kan det kanskje vere akseptabelt, det må vurderast i ei synfaring. Uansett plassering, må inntaket kamuflerast godt, mellom anna ved bruk av naturstein. Kanskje også farga betong.

Røyrgate og vegbygging: Det er gledeleg at røyrkata skal gravast ned, og at det opphavlege vegetasjonsdekket over røyrtraseen vert lagd til side for å bli brukt som toppdekke over grøfta seinare. Det er viktig at dette vert gjort på ein god måte!

Den svært verdfulle gamle hellelagde stien opp til Gimmestadstøyle er altfor lite omtala i konsesjonssøknaden, og den er ikkje merka av på kartmaterialet på ein skikkeleg måte. Men viss vi tolkar kartet i vedlegg 3 rett, er det planlagt at røyrkata skal krysse stølsstien fleire gongar og den skal gå kloss ved sida av stølsstien over ei ganske lang strekning. Dette vil høgst sannsynleg føre til omfattande øydelegging av delar av stølsstien, og dette meiner vi både er heilt uakseptabelt og heilt unødvendig. Med tanke på mellom anna ei framtidig reiselivssatsing i området, vil vi tru at også utbyggerane, ved nærare ettertanke, er einige med oss i det. Vi vil innstendig be om at røyrkatetraseen vert lagd noko lenger vest, slik at den ikkje kjem i konflikt med stølsstien. Viss inntaket vert lagt oppstrøms Gimmestadstøyle, må røyrkata leggjast vestom støyle, og på heile strekninga ned til kraftstasjonen så langt vest at det ikkje vert nokon konflikt med stølsstien. Vert inntaket lagt nedstrøms Gimmestadstøyle, må stølsstien kryssast, men det må gjerast så skånsamt som mogeleg, og stien på reparerast - skikkeleg!

Frå lokallaget vårt, Midtre Nordfjord Turlag, har vi fått sterke signal om at stølsstien er verdfull, og i tillegg eit godt alternativ til å køyre bil opp til støyle.

I konsesjonssøknaden er kraftutbygginga kopla saman med planar om å bygge ei form for veg heilt inn til Breidalsvatnet. Vi er sterke, svært sterke, motstandarar av ei slik vegbygging, og viser til eige avsnitt om dette. Vi ber NVE om ikkje å tillate noko som helst permanent vegbygging lenger inn enn til Gimmestadstøyle! Ein eventuell midlertidig veg langs røyrkatetraseen må fjernast! Dette gjeld på heile strekninga frå inntaket til kraftstasjonen. Den eksisterande vegen til Gimmestadstøyle er nok! Veg fram til kraftstasjonen er sjølv sagt OK.

Kraftstasjonen: Så vidt vi kan bedømme ut frå konsesjonssøknaden, er planane for kraftstasjonen gode. Det må, som i dei aller fleste saker, leggjast stor vekt på lydisolering.

Kraftliner: Det er lagt opp til bygging av ei 1.350 m lang luftline fram til eksisterande 22kV-nett. Lina er ikkje kartfesta, og dermed vanskeleg å ta stilling til. (Vi går ut frå at NVE krev kartfesting.) Vi er uansett kritiske til luftline, og ber NVE sterkt vurdere å krevje at lina vert lagd i kabel. Ein av grunnane til det, er at det i Naturkartleggingsrapporten, vedlegg 8, på side 11 er opplyst at det er raudlista hønehauk og hubro i området. Vi veit at 22 kV-liner er ei svært vanleg dødsårsak for hubro. Kanskje også for hønehauk, akkurat det veit vi for lite om. Hubro

er så pass trua at det er all mogeleg grunn til ikkje å utsette den for meir fare enn absolutt nødvendig. Viss det er rimeleg greitt å grave - som vi vil tru at det er i dette området - vert ikkje ei 22 kV-line i kabel særleg mykje dyrare enn ei luftline heller.

Kommentarar til verknadane av utbygginga m.m.:

Fordelar ved tiltaket: Vi synest det er gledeleg at gardane i området er i drift, og at det framleis er ganske mykje beiting, både av storfe og sau, i Breidalen. Dette er viktig! Vi er også fullstendig klar over den dårlege lønsemda i jordbruket, og synest det er ille at jordbrukspolitikken "tvingar" mange bønder til å gjennomføre stendig aukande naturinngrep for å halde det gåande med ein akseptabel økonomi. Det bør ikkje vere slik! Men uansett økonomi, er det ikkje akseptabelt med ei kraftutbygging delvis innanfor grensa til eit landskapsvernområde. I staden vil vi oppmode grunneigarane om, i samband med vernet, å krevje kompensasjon for tapet som følgje av at inntaket til kraftstasjon må flyttast til nedstrøms den planlagde vernegrensa. Dei statlege erstatningsordningane bør vere så gode at det vert gitt slik kompensasjon!

Med ei så lita utbygging, reknar vi i dette tilfellet dei økonomiske fordelane for bøndene som betydeleg viktigare enn fordelane for det globale miljøet.

Verneplanar, kommuneplanar og andre offentlege planar: I konsesjonssøknaden er det informert om konflikten med vassdragsvernet av Ryggelva og med Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Det blir vidare opplyst at "Forøvrig er det ikkje spesifikke kommuneplaner eller andre offentlige planer som berører det aktuelle området." Her har nok konsesjonssøkjarene sitt konsulentfirma gjort for dårleg jobb. Heile den delen av utbyggingsområdet som ikkje ligg innanfor grensa for det planlagde landskapsvernområdet, ligg nemleg innanfor Fylkesdelplanen for stølsdalane som vart utarbeidd samstundes med og som del av verneplanframlegget. Så vidt vi kjenner til, er denne Fylkesdelplanen godkjend av Fylkestinget.

Heile området frå litt sør for Gimmestadstøylen til eit stykke nord for kraftstasjonen ligg innanfor Fylkesdelplanområdet. For stølsdalane gjeld det spesielle restriksjonar. Her er eit delutdrag om kraftutbygging frå høyringsframlegget for "Felles verneplan og fylkesdelplan for Naustdal-Gjengedal" frå mars 2000:

"Retningslinje for eventuell kraftutbygging utanfor verneområdet

Ved eventuell søknad om kraftutbygging etter vassdragslovgjevinga vert det, i alle for anlegg over 40 GWh, utarbeidd konsekvensutgreiing. For mindre anlegg vert konsekvensutgreiing og konsesjonssøknad vurdert i kvart enkelt tilfelle.

Ved søknad om kraftutbygging må ein særleg ta omsyn til nærleik og innfallsportar til fjellområdet. Områdeanalyse med vurdering av landskapsbilde, kulturminne og kulturlandskap skal leggjast til grunn ved alle nye tiltak og inngrep.

Manøvreringsreglementet skal sikre naturleg vannstand i lengst mogleg grad i sommarhalvåret."

Det at utbyggingsområdet ligg inne i området for Fylkesdelplanen, er aleine neppe god nok grunn til å avslå konsesjonssøknaden. Men ettersom Gimmestadstøylen er ein viktig innfallsport til det planlagde landskapsvernområdet, og utbyggingsområdet går forbi støylen og vidare innover dalen, gir konflikten med Fylkesdelplanen ein sterk grunn til å vurdere utbygginga restriktivt. Den delen av utbygginga som går innanfor grensa for det planlagde landskapsvernområdet, er uansett heilt uakseptabel!

Hydrologi: Som alt nemnt, må minstevassføringa heile året vere større enn det er gjort framlegg om i konsesjonssøknaden. Minimum 10 % av gjennomsnittsvassføringa.

Biologisk mangfald og verneinteresser: Av Figur 1 på side 7 i Naturkartleggingsrapporten, går det fram at Aurland Naturverkstad BA har teke utgangspunkt i at kraftstasjonen skal ligge ganske mykje lenger oppe langs elva enn det som er konsesjonssøkt. Dette indikerer at den nedre delen av røyrgatetraseen og kraftstasjonsområdet ikkje er undersøkt. Vi ber NVE vurdere om dette gir grunnlag for å krevje ei tilleggsutgreiing. Det er heller ikkje drøfta i kva grad vassdraget sin verdi som type- og referansevassdrag vert negativt påverka. Det synest vi er ein ganske vesentleg mangel. Vi går ut frå at Fylkesmannen, som har mykje meir fagkunnskap om dette enn oss, vurderer dette.

Flora og fauna: Spesielt når det gjeld fugl synest vi Naturkartleggingsrapporten er mangelfull. Det er til dømes ikkje nemnt med eitt ord om det er fossefall i den utbyggingsaktuelle delen av vassdraget. Det er opplyst at det er fleire raudlista fugleartar i Ryggelva sitt nedslagsfelt, som hønehawk, hubro, kongeørn, storlom og kvitkurle. Men det er ikkje drøfta i kva grad desse fugleartane, og andre, kjem i konflikt med den planlagde 1.350 m lange høgspenninglina. Vi ber NVE krevje at enten må det lagast ei tilleggsutgreiing om dette, eller så må NVE krevje at høgspenninglina vert graven ned. Det siste er det absolutt beste og sikraste!

Landskap: Ein eventuell veg inn til Breidalsvatnet, vil i stor grad gå over skoggrensa, i heilt ope og sårbart fjellterreng. Det vil vere eit svært negativt, heilt unødvendig og fullstendig uakseptabelt landskapsinngrep! Vi kan ikkje sjå at det er ny veg som er avgjerande for å oppretthalde beitebruket i Breidalen. Vi meiner at høgre kjøtprisar er mykje viktigare! Særleg prisane bøndene får for sauekjøt, er altfor låge i dag.

Kulturminne: Etter vårt syn, er den gamle hellelagde stølsstien eit viktig kulturminne som må takast godt vare på!

Brukarinteresser: Det som står om brukarinteressene, er både mangelfullt og direkte misvisande. Delvis øydelegging av den gamle stølsstien, som det ser ut som det er lagt opp til, er i sterk konflikt med friluftsinntekter. Det er også inntaket, plassert i eit så og seie fullstendig urørt område like ved stien innover Breidalen.

Det blir hevda at: "Dersom tiltaket innebærer bygging av permanent gangveg til Breidalen, vil dette representere en svært positiv konsekvens av tiltaket for almenheten og for grunneierne."

Dette er ein påstand som vi er fullstendig ueinige i så langt det gjeld "almenheten". Vi vil tvert imot hevde at ein veg inn til Breidalsvatnet i dette tilfellet vil vere ein svært negativ konsekvens. Vi skal grunngje dette:

På sørsida av den inste delen av Gloppefjorden, er det 4 dalar som fører inn til kvar sine vatn. Frå vest er dette Traudalen med Traudalsvatnet, Breidalen med Breidalsvatna, Langedalen med Langedalsvatet og Fitjedalen med Veslevatnet. Inn til 3 av desse vatna er det veg. Breidalen med Breidalsvatnet er det einaste nokolunde vegfrie dalføret! Ut frå friluftsinntekter ville vi oppfatte det som svært negativt om ein skulle få veg langt innover også den siste av desse 4 dalane. Vi ville oppfatte dette som eit stort tap både for friluftslivet og for ei eventuell auka reiselivssatsing i denne delen av Gloppen kommune. Nokre av dei mest attraktive, lett-tilgjengelege, familievenlege områda må framleis få lov å vere urørte. Det er viktig!!

(.....)

Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:

Sogn og Fjordane Turlag ønskjer ikkje denne utbygginga. Men vi har også forståing for at dei av utbyggarane som driv aktiv gardsdrift, og det er, så vidt vi har forstått av konsesjonssøknaden, dei fleste, treng tilleggsinntekter.

Sett frå vårt synspunkt, er det fullstendig uakseptabelt, både i dette spesielle tilfellet og reint prinsipielt, at inntaket skal leggest innanfor grensa til det planlagde landskapsvernområdet. Det vil "skape presedens" av ein slik art at det kort og godt "ikkje er til å leve med". Landskapsvernområde skal vere verna! Det er også sterkt ønskjeleg at inntaket vert lagt nedanfor Gimmedstadstøyle, men her skal vi ikkje vere så bastante, fordi vi ikkje har vore på synfaring for å vurdere akkurat det spørsmålet. Men den gamle hellelagde stølsstien må "fredast".

Koplinga mellom kraftutbygginga og veg innover Breidalen er også fullstendig uakseptabel. Viss denne koplinga framleis er aktuell, går vi sterkt mot heile utbygginga! Permanent vegbygging forbi Gimmedstadstøyle må ikkje tillatast, uansett kva type veg det er."

Midtre Nordfjord Turlag, brev 28.11.2007:

"Turlaget har ikkje hatt særleg stor aktivitet i Breidalen. Men vi har til dømes hatt ein rundtur på fjella kring Breidalen, og fann denne så interessant at vi fekk med ei beskriving av denne ruta i boka "Opptur ". Elles er sjølve Breidalen eit attraktivt område for mindre turar. For vår turaktivitet, og for turgåing generelt, ser vi det som viktig at følgjande tilhøve blir ivareteke:

- (a) At Stølsvegen mellom Moane og Gimmedstadstøyle blir bevart.
- (b) At det ikkje blir vegbygging lenger inn i dalen enn absolutt naudsynt.
- (c) At inngrepa over skoggrensa med inntaksområdet blir kamuflert eller utført på ein estetisk god måte.

Stølsvegen.

Stølsvegen mellom Moane og Gimmedstadstøyle inneber ein grei tilkomst til Breidalen direkte frå busetnad og offentleg veg. Det tek berre om lag ein halv time å gå denne. Dermed kan den tidsmessig konkurrera med å køyra bomvegen til støyle når ein reknar med heft med bompengar og opning og stengig av grind og forsering av eventuelle andre hindringar. Og det er mykje trivelegare å gå stølsvegen enn å køyra, spesielt for dei som er litt historisk eller kulturelt interesserte. Dette for di stølsvegen med sine helleleggingar, drikke- og kvileplassar er ypperleg restaurert av grunneigarane.

I Sandane-området er ein i alt for stor grad avhengig av å køyra bomvegar når ein skal til fjells. Det er nærmast etablert ein "bompengering" rundt Sandane med E39 og RV615 som offentlege smutthol.. Det er rettnok noko krevjande å finna ei god parkering i Moane, men det er noko som ein burde kunne gjera noko med, og vil uansett fungera fint for gåande og syklende.

Søklar bør gjera greie for i kva grad stølsvegen blir berørt av tiltaket og kva som eventuelt vil bli gjort for å bevare denne på beste måte. Grunneigarane har vist eigen interesse i å bevare kulturminna etter stølsvegen, men spesielt dersom det blir nytta eksterne entrepenørar er det viktig at tiltaka blir beskrivne i søknaden eller som pålegg i konsesjonen.

Vegbygging

Vi har forståing for at inntaket blir lagt så høgt for å få god fallhøgde og for å redusera problema med tilstopping av inntaket med lauv og rusk. Men vi er samstundes redde for at behovet for rensking av inntaksrista likevel vil bli så stort at det vil utløysa ynskje om permanent veg fram til inntaket. Dersom det kan vera tilfelle, bør ein heller trekkja inntaket så langt ned at det kan nåast frå eksisterande vegar eller med minimal vegbygging. Det ville då også koma mindre i konflikt med det føreslegne landskapsvernområdet.

Når det gjeld etablering av ein rullestolsti innover i Breidalen, vil dette samla sett ikkje vera i Turlaget si interesse. Det finst allereie så altfor mange skogsvegar og køyrbare stølsvegar som kan nyttast til slike føremål. Kva med Langedalsvatnet, Veslevatnet og Traudalsvatnet som har veg heilt fram og med litt vegutbetring enkelt kunne takast i bruk av rullestolbrukarar? Turlaget er for enkel merking og tilrettelegging, men vil gjerne ferdast på smale stiar som gjev allsidig mosjon for kroppen og ei oppleving av natur og kultur. Ein rullestolveg kan både innebera bruk av tungt maskinutstyr, bli eit godt synleg element i terrenget og seinare skapa eit press på å gjera om vegen til ein køyrbar veg. Dette er ei svært lite ynskjeleg utvikling for turmiljøet. Vi kan ikkje sjå at etablering av ein rullestolsti har noko med konsesjonsøknaden å gjera på annan måte enn å opplysa om at det omsøkte tiltaket kan leggja til rette for større inngrep enn sjølve utbygginga. Det bør vi unngå.

Inntaket

Inntaket er planlagt i øvre kant av skoggrensa og blir dermed synleg frå fjella rundt Breidalen. Såleis blir dette eit anlegg som ein ikkje berre passerer til og frå, men som ein også får utsikt til frå høgda over tid. Det er dermed viktig at dette blir utforma på ein slik måte at det blir litt kamuflert eller får ei tiltalende utforming som glir godt inn i terrenget. Og eventuelle vegar kan bli meir dominerande enn sjølve inntaket.

Kåre Gimmestad, brev datert 12.11.2007:

"Bakgrunnen min for å kome med denne uttalen er at eg bur på Gimmestad og er oppvaksen her, er flittig brukar av det aktuelle området og kjenner det godt. Utanom det har eg ingen eigarinteresser og er heller ikkje på andre måtar knytt til denne utbygginga.

Som det går fram av søknaden er dette ei utbygging i eit verna vassdrag. I tillegg vil delar av inngrepa skje innanfor grensa av eit føreslege verneområde.

Underteikna var ein av mange lokalpolitikarar som på 80-talet hadde sterke meiningar om vassdragsvern den gong Samla Plan vart vedteken. Personleg gjekk eg inn for stor grad av vern i våre område, også for dette vassdraget. Utbyggingstruslane som ein den gong stod overfor var grunnleggande annleis enn i dag. Det var tida for dei store utbyggingane med hardhendte reguleringar der det gjerne berre var vinterkrafta som hadde særleg verdi. Som vi veit har denne situasjonen endra seg mykje. I dag kan det vere god økonomi også i mindre elvekraftverk og skadeverknadene er ofte nærast ubetydelege og slik at dei aller fleste av oss kan leve med dei. Eg meiner det er ein rimeleg påstand å hevde at mange av premissane for dei vernevedtaka som vart gjorde den gong ikkje lenger er til stades. Dette bør tilseie at styresmaktene innanfor dagens regelverk bør legge til grunn ein generelt liberal utbyggingspraksis og i verna vassdrag.

Dette er også mi grunnleggande holdning til denne søknaden. Søknaden representerer eit tiltak som vil styrkje næringsgrunnlag og busetnad og slik sett vere positivt også for oss andre som bur i bygda. Slik eg opplever situasjonen lokalt, er dette ei utbygging som innanfor det som vert oppfatta som rimelege konsesjonsvilkår, vil bli akseptert og vil vere konfliktfri.

Koplinga mellom kraftutbygging og reiselivssatsing i Breidalen.

Når eg likevel har valt å kome med nokre kritiske merknader til planane, er det først og fremst på bakgrunn av søkjarane si tydelege oppmoding til styresmaktene om å sjå konsesjonssøknaden i samanheng med planane om ei turistsatsing og tilrettelegging for funksjonshemma i Breidalen. Planane vert også grundig gjort greie for i sjølve konsesjonssøknaden og i omfattande vedlegg. Det er difor vanskeleg i denne høyringsuttalen å halde frå kvarandre reiselivsprosjektet og konsesjonssøknaden si meir tekniske/fysiske skildring.

Koplinga mellom desse to prosjekta som ein underliggande premiss i sjølve søknaden reiser også ei anna og meir prinsipiell problemstilling; Gloppen kommune og Fylkesmannen, som er høyringsinstansar til konsesjonssøknaden, vil slik eg forstår det ha avgjerdsmynde i naturbruksprosjektet. Desse 2 instansane vil nok sjølve oppdage den binding ein kan oppfatte å ligge i ein høyringsuttale som ikkje eksplisitt avviser koplinga mellom kraftutbygging og næringsutvikling i Breidalen. Dersom ei slik kopling ikkje vert avvist, vil dette seinare kunne takast til inntekt for det eg her kallar "dei underliggande premissane" - nemleg turistsatsing og vegbygging i Breidalen.

Lokalt vil også ei slik kopling heilt klart endre synet på kraftutbygginga frå å vere akseptert og konfliktfri til å bli svært kontroversiell.

For eigen del håpar eg at denne lite kloke koplinga ikkje svekkjer sjølve søknaden om kraftutbygging og at ein difor i konsesjonsvilkåra eksplisitt avviser ei slik kopling."

Kåre Gimmestad har i uttalen gjeve vurdering av reiselivsprosjektet m.o.t. naturforhold, inngrep og økonomi. NVE refererer ikkje denne delen av uttalen utover det som kjem fram i konklusjon/samandrag. Gimmestad uttalar vidare:

"OM KONSESJONSSØKNADEN

Rørgate og vegbygging

Traseval: sitat: "Rørgatetraseen følger elles delvis eksisterende traktorveger/skogsveger, som vil bli reetablert etter at rørleggingen er fullført." Med atterhald for unøyaktig kartmateriale, ser det ut til at dette ikkje er rett. Den planlagde traseen frå parkeringsplassen og nedover kryssar derimot eksisterande støylsråa minst 3 gonger og går elles nær inntil og stort sett parallelt med denne heilt frå parkeringsplassen ved støylen og ned til kraftstasjonen. Rett nok har deler av denne råsa gjennom bruk av traktor etter kvart vorte "skogsvegliknande," men delar av den har enno sitt opphavlege preg med hellelegging og 3 gamle oppmura kvileplassar. Støylsråa er også vedlikehalden gjennom bruk av offentlege tilskotsmidlar for nokre år tilbake. Råsa vert mykje brukt i tursamanheng.

Heile røyrtraseen bør difor flyttast om lag 100m lenger mot vest, dette vil også føre til lenger avstand til støylsområdet og slik gjere inngrepet mindre synleg derfrå. Terrenget rett ovanfor støylen har dessutan lite vegetasjon. At ein slik meir vestleg trasè eventuelt vil kunne nyttast til skogsveg frå Liavegen og vidare nedover, oppfattar eg i så fall som konfliktfritt og noko som vil kunne styrkje grunneigarinteressene ved eit slikt alternativ.

På bakgrunn av det som eg skriv om reiselivsprosjektet, meiner eg at det i konsesjonsvilkåra eksplisitt må slåast fast at traseen frå støylen og opp til inntaket, som ein del av prosjektet, vert tilbakeført til slik den var, m.a.o. utan seinare etablering av gangsti/traktorveg.

Eigedomsforhold

Utan å vite noko om kva dette har å seie for sjølve konsesjonshandsaminga, vil eg peike på ein faktafeil under dette punktet. Sitat: "Arealet som utnyttes av tiltaket ligger i sameie mellom de aktuelle fallrettseierne. I stasjonsområdet er det foretatt utskifting av skog, men ikke grunn. Ca. ¾ av rørgatetraseen går over areal der skogen er skiftet, mens den øvre delen går over sameiegrunn som er uskiftet."

Jordskiftet over Gimmestad og Moen si utmark vart avslutta i 1972. Skiftetfeltet i det aktuelle område går opp til Liagarden, som har sitt utgangspunkt frå parkeringsplassen ved støylen og går vestover omlag parallelt med Liavegen. Det betyr at nedanfor Liagarden er skogteigane skifte til full eigedom. Stasjonsbygningen og nedste del av røyrigata vil såleis ligge på Edny

og Odd Rygg, g.nr./b.nr 10/2, sin eigedom. Røyrgata vidare slik den er innteikna på kartet, vil ligge på Inger Gule, Rune Gimmestad, Einar Gimmestad og Asbjørn Gimmestad sine eigedomar. Ovanfor Liagarden ligg grunnen i sameige medan skogen følgjer det gamle skogskifte.

Samandrag

Turist- og vegprosjektet i Breidalen vert både i sjølve søknaden og i omfattande vedlegg presentert som ein underliggande premiss i kraftutbyggingsprosjektet. Dette er etter mitt syn ei ulogisk samanblanding som i konsesjonsvilkåra må avvisast både på prinsipielt og praktisk grunnlag.

Realismen i eit slikt prosjekt i Breidalen er langt frå sannsynleggjort i søknaden, - resultatet av ei mislukka satsing vil då einast kunne bli ein traktorveg i Breidalen. Eg oppfattar dette i så fall til å bli eit svært kontroversielt tiltak. Det er særleg viktig at ein i konsesjonsvilkåra set krav om at røytraseen frå parkeringsplassen ved støylen og opp til inntaket vert tillaga mest mogeleg slik det var før, og at etableringa av røyrgata ikkje får ein tilretteleggande funksjon for seinare vegbygging frå Gimmestadstøylen til inntaket og vidare inn i det føreslegne verneområdet.

På grunn av at traseen for røyrgata kjem i konflikt med eksisterande støylsrås, bør denne med fordel kunne flyttast ca. 100 m lenger mot vest. Dette vil også føre til at traseen kan leggst i større avstand frå sjølve støylsområdet.

Opplysningane om eigedomstilhøva i området er ikkje rette. Frå Liagarden og nedover er arealet skift til full eigedom. Ovanfor ligg grunnen i sameige medan skogen følgjer det gamle skogskifte.

Avslutning

Bakgrunnen for at eg, som nabo og slektning til mange av søkjarane, under tvil likevel sender denne høyringsuttalen, er eine og åleine koplinga mellom reiselivsprosjektet og kraftutbygginga. Etter så mange og til dels kritiske merknader, er det difor svært viktig for meg igjen å understreke at eg er positiv til sjølve kraftutbygginga og vil strekt oppfordre til at det vert gjeve konsesjon. Eg ønskjer såleis grunneigarane lukke til med bygging og drift av Moane Kraftverk."

Søkjar sine kommentarar til høyringsuttalane

Søkjar har i brev av 29.10.2008 kommentert dei innkomne uttalane slik:

"Merknad frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Miljøvernavdelinga

Landskap og friluftsliv

Fossepartiet forbi brua på Liavegen vert framheva som eit så viktig landskapselement at Fylkesmannen rår frå å utnytte fallet i vassdraget ovafor dette punktet ut frå landskapsmessige omsyn. Fjellbotnen i elva i fossen er svad oppdelt med djupe sprekker. Ved vanlege vassføringar renn vatnet hovudsakleg i sprekken og er lite synleg frå avstand. Først når vassføringa kjem opp i 1 til 2 m³/s og meir, renn elva over svada og blir meir synleg frå avstand. I slike situasjonar utgjer den planlagde driftsvassføringa på 0,3 m³/s ein så liten margin at det vil gjere lite utslag for utsjånaden av fossen om den vert fjerna.

Det vert nemnt at inntaket er planlagt i eit område nær stien til Breidalsvatnet. Det vert hevda at

”.. området er eit svært attraktivt friluftsområde som særleg er mykje besøkt i sommarhalvåret.”

Når det gjeld plasseringa av inntaket, så må det nemnast at topografien og skogsvegetasjonen gjer at korkje inntaket eller elvestrekninga som ligg innafor det føreslegne verneområdet, er synlege frå stien. Elva renn her i ein relativt smal V-dal med tett bjørkeskog. Ein må gå ut av stien for å sjå elva og inntaket slik det er planlagt.

Fylkesmannen nemner at det frå lokalt hald er vist til at den gamle støylsvegen kan verte øydelagt av bygginga av røyrgata. Dette er eit tilhøve som tiltakshavar har teke til etterretning og vil leggje røyrgata i god avstand på vestsida av støylsvegen. Vi syner til synfaring saman med NVE.

Når det gjeld omfanget av bruken av dette området som friluftsområde, så finn vi uttrykket ”.. svært attraktivt friluftsområde som særleg er mykje besøkt i sommarhalvåret” lite dekkande. Det einaste talmaterialet som belyser dette, er besøkte som har skrive seg inn i boka ved Breidalsvatnet. I heile 2006 var det ca. 150 personar og i heile 2007 var det ca. 100 personar. Fylkesmannen syner til uttale frå Sogn og Fjordane Turlag som støtte for sine merknader vedkommande landskap og friluftsliv. I den samanhengen ser vi på uttalen frå Midtre Nordfjord Turlag som meir relevant for vurderinga av dette temaet. Her går det mellom anna fram at Turlaget har ”.. ikkje hatt særleg stor aktivitet i Breidalen.”

Naturmiljø, biologisk mangfald

Det er gjort ei grundig og dokumentert undersøking av naturmiljø og biologisk mangfald knytt til det aktuelle vassdragsområdet. Rapporten frå denne undersøkinga ligg ved konsesjonssøknaden. Fylkesmannen sin merknad konstaterer (utan referanse til rapporten) at det ikkje er registrert særskilt verdifulle naturtypar eller vasstilknytte sjeldne artar i området. Men i merknaden er udokumenterte tidlegare registreringar av sjeldne fuglar nemnt. I tillegg vert det spekulert i mogleg førekomst av hubro i området, og teke med atterhald om bygging av kraftliner, dersom hubro skulle finnast i området. Med den nære kjennskapen til området og den høge aktivitet i utmarka som grunneigarane på Gimmestad/Moen har, meiner vi å kunne seie med visse at hubro ikkje finst her.

Vassdragsvern

I fylkesmannen sin merknad vert det konstatert at Ryggvassdraget er verna som eit type- og referansevassdrag. Det er det som går fram av vernevedtaket (Verneplan IV frå 1993). Ut frå dette gjer fylkesmannen ei vurdering om at dette gjer vassdraget mindre aktuelt for vasskraftproduksjon, og at vassdraget må vurderast samla for dei aktuelle utbyggingsalternativa.

Her bør det nemnast at Stortinget har gjort vedtak om at det i verna vassdrag kan søkjast om konsesjon for vasskraftutbygging med effekt mindre enn 1 MW. I dette ligg det etter vår vurdering at Stortinget overlet til konsesjonsmyndighetene å vurdere om eit vassdrag er meir eller mindre aktuelt for utbygging, så lenge ein held seg innafor den tilletne ramma. Vi kan ikkje sjå at Stortinget har karakterisert slike avgrensa utbyggingsplanar som mindre aktuelle. Tvert om synest det å vere politisk press, også på høgt politisk nivå, i retning av å ta i bruk meir av vasskraftpotensialet frå små- og minikraftverk.

Vi kan sjå fornufta i å ønskje å kunne vurdere Ryggvassdraget under eitt når det gjeld vasskraftutbygging, ut frå eit miljø- og naturfagleg perspektiv. Det er likevel fallrettseigarane som sit med initiativet i høve til kva konkrete utbyggingsprosjekt som kan planleggast og konsesjonssøkjast. Vi kan derfor ikkje sjå at det er grunnlag for ei samordning av konsesjonsvurderingar utan at grunneigarane sjølve legg opp til det. Det ville vere urimeleg å krevje ein lokal ”Samla plan” for hovudvassdrag med vernestatus, i samband med konsesjonshandsaming av eit einskild minikraftverk, som i gjeldande lovverk har fått eksplisitt høve til konsesjonshandsaming trass vernestatusen i vassdraget.

Dei konkrete verneverdiane knytt til vassdraget, som utgjer grunngevinga for fylkesmannen sin merknad, er " "meget store" verneverdiar når det gjeld geofag og kulturminne". Det er ikkje gjort nærare greie for kva som ligg i denne utsegna, men vi kan ikkje sjå at utbyggingsplanen er eit konkret trugsmål korkje mot geofaglege tilhøve eller kulturminne. Fylkesmannen nemner i tillegg at "Botanikk, land- og vassfauna og friluftsinnteresser har også stor verneverdi." Det er gjort greie for verknader av utbygginga på naturmiljø og biologisk mangfald i vedlagt rapport til konsesjonssøknaden, utarbeidd av Aurland Naturverkstad BA. Konklusjonen frå denne rapporten er:

"Samla vert tiltaket vurdert å ha høvesvis små til middels negative verknader på det biologiske mangfaldet."

Landskapsvern

Merknaden frå fylkesmannen syner til framlegg til verneplan for området, som for tida ligg til handsaming i Miljøverndepartementet. Med utgangspunkt i dette planframlegget trekkjer fylkesmannen konklusjon om at det er uakseptabelt å plassere inntaket til kraftverket innafor grensa til det planlagde verneområdet. I konsesjonssøknaden har vi gjort greie for mellom anna den miljømessige grunngevinga for å plassere inntaket på kote 490. Sett i høve til ei plassering nedanfor den føreslegne grensa for landskapsvernområdet (på ca. kote 400), vil plasseringa gje høve til å utnytte det tilletne effektpotensialet på 1 MW med vesentleg mindre uttak av vatn frå elva. Argumentasjonen for å avvise den planlagde plasseringa er kring landskapsmessige omsyn og eit underforstått omsyn til området sin forventa planstatus. Vi har sett av merknadene at ein oppfattar restvassføring som eit vesentleg kriterium i landskaps-samanheng. Vi meiner at dette omsynet vert best ivaretatt slik planen er utforma. Det vil gje størst restvassføring i Breidalselva. I tillegg meiner vi at også andre miljøomsyn, som ikkje er spesielt vektlagde i merknadene, er betre ivaretatt med den planlagde plasseringa av inntaket og det relativt mindre uttaket av vatn det inneber. Det gjeld til dømes biologiske omsyn.

Vi oppfattar at området sin forventa planstatus som landskapsvernområde, er vorte eit svært tungtvegande argument frå fylkesmannen si side. Bakgrunnen for denne oppfatninga er at det ikkje vert gitt anna konkret grunngeving for å avvise plasseringa av inntaket, enn at det er "uakseptabelt" pga. området sin status som føreslege verneområde. I den samanhengen vil vi sterkt understreke at det ikkje ligg føre eit planvedtak pr. i dag, og at framlegget har ligge svært lenge til handsaming hos MD. Vi meiner at framlegget til verneplan ikkje må tilleggast vekt på linje med ein eventuell vedteken verneplan, når ei overordna vurdering av føremoner mot ulemper skal gjerast av konsesjonsmyndigheitene. Det ville i så fall vere å forskottere Miljøverndepartementet og Stortinget si handsaming og Stortinget sitt mynde til å fatte slike vedtak. Eit eventuelt vedtak om ein verneplan, slik framlegget legg opp til, er eit svært djuptgripande inngrep i grunneigarane sin råderett over eigen grunn. På alle nivå bør ein derfor syne respekt for dei vedtekne prosessane og at Stortinget åleine har mynde til å avgjere dette. Slik uttalen om uakseptabel plassering av inntaket vert presentert, kan den gje inntrykk av at fylkesmannen ønskjer å utøve eit forvaltingsmynde i høve til dette spørsmålet, i staden for å gje ei grunngeven vurdering av det, som han eigentleg har ansvar for. Når fylkesmannen uttaler at element i konsesjonssøknaden er uakseptable med tilvising til framlegget om verneplan, så må dette tilleggast vekt i den overordna vurderinga hos NVE, i høve til kva slag mynde og autoritet som står bak uttalen.

Fylkesmannen gjer merknad om at inngrepsfrie område vil gå tapt ved utbygginga. Vi meiner å ha dokumentert at området som vert omfatta, ikkje kan karakteriserast som inngrepsfritt. Vi syner i den samanhengen til oversendte kart som syner etablerte og godkjende vegar i området, og til synfaring saman med NVE. Samstundes vil vi gje uttrykk for at vi ikkje vurderer området frå det planlagde inntaket og nedover som representativt for den beskrivne landskapstypen som er nytta som grunngeving for verneframlegget. Området er, som nemnt ovanfor, ein trong og bratt V-dal med tett blandingsskog. Det er representativt for skogområda nedanfor og stikk seg på grunn av topografien som ein atypisk kile inn i områda ovanfor som har typisk

fjellbjørkeskog og fjellandskap. Fylkesmannen uttaler følgjande: " Ei utbygging vil ikkje redusere villmarksprega område, men vil snevre inn ein arm til/frå eit slik område, og fragmentering av naturområde er ein vesentleg trussel for biologisk mangfald." Vi forstår ikkje kva som ligg i uttrykket; "... snevre inn ein arm til/frå eit slikt område", og vi kan ikkje sjå at utbygginga inneber ei fragmentering av naturområde og ein vesentleg trussel for biologisk mangfald. Dette er ei uttale med ei rekkevidde langt utanfor det vi kan finne dokumentert grunnlag for, og som det rett og slett ikkje er dekning for etter vår vurdering. Jfr. rapporten frå Aurland Naturverkstad BA.

Fiske

Fylkesmannen påpeiker at Ryggelva har anadrom fiskestamme. Fylkesmannen hevdar at lakseførande strekning, som ligg nedanfor planlagd utløp frå kraftverket, kan verte påverka av utfall av kraftverket og brå endringar i vassføring nedanfor. Når ein tar omsyn til kor liten del driftsvassføringa utgjer i høve til totalvassføringa på den lakseførande strekninga (som ligg nedstrøms samløpet med Traudalselva), så vurderer vi dette som neglisjerbart. Som ein illustrasjon utgjer summen av middelvassføring i starten av lakseførande strekning ca. 4 m³/s medan maksimal driftsvassføring i kraftverket utgjer 0,3 m³/s.

Merknad frå Sogn og Fjordane fylkeskommune

Sogn og Fjordane fylkeskommune konkluderer positivt til å gje konsesjon i sin merknad.

Fylkeskommunen legg til grunn at fordelane ved tiltaket først og fremst er økonomiske. Vi ønskjer å leggje til at tiltaket inneber vesentlege samfunnsmessige fordelar for busetnad og kulturlandskap på Gimmestad/Moen. Kraftverket vil gje eit langt betre grunnlag for å oppretthalde landbruksaktivitetar og utmarksaktivitetar med dei positive verknadene det vil ha for kulturlandskapet og busetnaden. Etablering av kraftverket vil følgje ein god tradisjon i landbruksmiljøet på Gimmestad/Moen. Grunneigarane er aktive og framsynte og ønskjer å møte utfordringane med å utvikle og skape nytt næringsgrunnlag ut av naturressursane på garden, slik tradisjonen har vore også tidlegare. I prinsippet er det ingen skilnad på å utnytte jord- og skogressursane på garden i høve til å utnytte energiressursane. Det som er prinsipielt nytt i dagens situasjon er at storsamfunnet gjer krav på kontroll over delar av naturressursane til føremål som vern og almen bruk.

Frå fylkeskommunen vert det teke atterhald om plasseringa av inntaket, som ein meiner må plasserast nedanfor grensa til det føreslegne landskapsvernområdet. Vi syner til vår kommentar til Fylkesmannen sin merknad om dette temaet.

Fylkeskommunen syner til at det er påvist kulturminne frå nyare tid, og nemner støylsråsa og "Bruafjøsane" i Moane. Vi har kommentert tilhøvet til støylsråsa ovanfor, og tek opp att at røyrgata vil bli ført på vestsida i god avstand frå råsa. Når det gjeld "Bruafjøsane", så ber fylkeskommunen om at kraftstasjonen vert plassert oppstraums for desse for å oppretthalde vassføringa i elva forbi dette kulturmiljøet. Uttaket av vatn til kraftverket relativt lite i høve til vassføringa i elva på dette punktet. Maksimal driftsvassføring utgjer ca. 15% av middelvassføringa ved "Bruafjøsane". Ei flytting av stasjonen har andre vesentlege negative konsekvensar etter vår vurdering. Stasjonen vi bli synleg frå "Bruafjøsane", og ei slik plassering gjer at ein faktisk må krysse støylsråsa med røyrgata. Vår vurdering er at planlagt plassering tek betre omsyn til kulturminna ved å unngå å krysse støylsråsa og unngå at stasjonen vert synleg frå området som er verneverdig.

Merknad frå Sogn og Fjordane Turlag

Frå merknaden frå Sogn og Fjordane Turlag vil vi kommentere følgjande:

Turlaget nyttar same ordbruk og argumentasjon som Fylkesmannen for å krevje inntaket flytt utanfor grensa for den føreslegne landskapsverneplanen. Vi syner til våre kommentarar ovanfor.

Merknaden om støylsråsa er også kommentert ovanfor, og tiltakshavar har endra planen slik at røyrgata ikkje vil kome nær støylsråsa.

Turlaget syner til ei prosjektskisse for turveg til Breidalen som var vedlegg til den opprinnelege konsesjonssøknaden som ei orientering. Tiltakshavar har gjort det klart skriftleg overfor NVE og Fylkesmannen at denne prosjektskissa ikkje er del av konsesjonssøknaden, og ikkje legg nokon premiss for utbyggingsplanen for kraftverket.

Turlaget meiner at krafta frå stasjonen bør takast ut via kabel og ikkje via kraftlinje. Grunngevinga er at ei kraftlinje kan vere eit trugsmål for einskilde fugleartar som er verneverdige, t.d. hubro og hønsehauk. Grunneigarane er visse på at det ikkje er hubro i området. Hønsehauk er det ein liten bestand av i området. Vår vurdering er at ei kraftlinje utgjer eit trugsmål når den er plassert slik at den kryssar mykje brukte fluktruter for fuglane, og ligg slik i terrenget at fuglane kan kome brått på linja. I dette tilfellet vil linja for det meste gå over dyrka mark og bebygde område i ope lende. Det gjer etter vår vurdering risikoen relativt liten.

Merknad frå Naturvernforbundet

Naturvernforbundet etablerer sine eigne karakteristikkar av verneverdiar og skadekonsekvensar av den planlagde utbygginga, som det ikkje er eit dokumentert grunnlag for og som ikkje samsvarar med faglige utgreiingar.

Samandrag

Vi har etterlyst, m.a. hjå Direktoratet for Naturforvalting, kva for konkrete verneverdiar som utgjer hovudgrunngevinga for vernet av vassdraget og framlegget til landskapsvern. Det ligg ikkje føre nokon utgreiing om det, som vi har fått kunnskap om. Vernet av vassdraget er generelt grunngeve med at det er eit type- og referansevassdrag. For framlegget om landskapsvern oppfattar vi at det er ei tilsvarande generell grunngeving om vern av den landskapstypen som pregar området.

Rapporten om biologisk mangfald, som er vedlegg til konsesjonssøknaden, dokumenterer kva naturverdiar som er representert i området, og kva konsekvensar den planlagde utbygginga vil få. Konklusjonen er at ei avgrensa utbygging i liten grad vil redusere vassdraget og naturmiljøet sin verdi og status som type- og referansemiljø.

I fleire av merknadene er det kravd at inntaket skal leggast nedanfor den planlagde grensa for landskapsverneområdet. I våre kommentarar ovanfor har vi stilt spørjeteikn ved grunnlaget for dette kravet og korleis det bør vektleggast i ei samanfattande vurdering. Vi finn ikkje grunngeving av kravet som syner til målbar konkret verknad for konkrete verneverdiar.

Vår samanfattande vurdering er at utbygginga kan realiserast også dersom ein flytter inntaket utanfor den planlagde vernegrensa ned til ca. kote 400. Dersom dette vert konklusjonen og vedtaket frå konsesjonsmyndigheita, reknar vi med at utbyggingskonseptet kan justerast med auke i slukeevna slik at maks effekt og midlare årsproduksjon kan oppretthaldast på det nivået som er lagt til grunn i konsesjonssøknaden. Men vi peiker på konsekvensane, som for det første inneber ei relativ forseimring av økonomien i prosjektet. Det heng saman med auke i røyrdimensjon og fysisk storleik på turbinen, medan lengda på røyrgata vert relativt lite redusert. For det andre vil det etter vår vurdering, innebere større negative konsekvensar for ulike miljøfaktorar som heng saman med restvassføringa i elva, både landskapsmessig og biologisk.

Etter vår vurdering vil utbygginga i relativt liten grad medføre ålmenne og miljømessige ulemper, medan både samfunnsnytta og nytteverdien for grunneigarane er stor, og kanskje avgjerande for utviklinga av landbruksnæringa og busetnaden knytt til den på Gimmestad/Moen.”

Planendring

Moane Kraft har på grunnlag av endra føresetnader som følgje opprettinga av Naustdal/Gjengedal landskapsvernområde søkt om følgjande endringar i brev av 18.03.2009:

”Syner til søknad om konsesjon for utbygging av Breidalselva kraftverk i Ryggvassdraget, datert 24.09.07.

I konsesjonssøknaden er det lagt til grunn ein utbyggingsplan med inntak i Breidalselva på kote 490. Etter at søknaden var innsendt, og etter at søknaden har lege ute til høyring/ettersyn, er føresetnadene endra, ved at landskapsverneområdet Naustdal/Gjengedal er vedtatt av Kongen i Statsråd. Området hadde status om foreslått verneområde da søknaden vart sendt. Ut frå ei heilskapsvurdering som omfatta totaløkonomi for tiltaket, miljøomsyn og lokale topografiske tilhøve, la vi til grunn i søknaden ei plassering av inntaket ca. 200 m innafor den foreslåtte vernegrensa. På bakgrunn av høyringsuttalene frå Fylkesmannen si miljøvernavdeling og det faktum at landskapsverneplanen no er vedteken, ønskjer vi no å leggje til grunn for konsesjonssøknaden ei plassering av inntaket utanfor landskapsverneområdet.

Vi har motteke koordinatar for grenselinja for landskapsvernområdet frå Miljøvernavdelinga, og legg til grunn ei plassering av inntaket nedanfor denne grenselinja. Grenselinja kryssar Breidalselva i høgd ca. kote 435 – 440 vurdert ut frå gjeldande kartgrunnlag. I meldingsskjemaet legg vi til grunn HRV på kote 435, men det kan vert aktuelt å leggje inntaket lågare dersom lokale topografiske tilhøve gjer det naudsynt for å få eit tilfredsstillande inntaksbasseng. Vi legg ved eit oppdatert oversynskart som syner denne plasseringa av inntaket.

For å klargjere dei fysiske parametranne som vi no ønskjer å leggje til grunn for søknaden, legg vi ved ei revidert oppstilling av hoveddata for tiltaket (som er side 4 i planbeskrivinga) med dei endringane som følgjer av flyttinga av inntaket. For å kompensere for den reduserte fallhøgda er omsøkt slukeevne auka med ca. 15% til 0,35 m³/s. Slukeevna utgjer då ca. 57% av middelvassføringa over året. I sommarhalvåret vil vassuttaket som denne slukeevna representerer utgjere ein relativt liten brøkdel av det ein litt upresist kan kalle normal sommarvassføring.

<i>Breidalselva minikraftverk, hovuddata</i>			
TILSIG		<i>Hovudsøknad</i>	<i>Planendring</i>
Nedbørfelt	km ²	6,0	6,0
Årleg tilsig til inntaket	mill.m ³		
Spesifikk avrenning	l/s/km ²		
Middelvassføring	m ³ /s	0,61	0,61
Alminnelig lågvassføring	l/s	40	40
5-persentil sommer (1/5-30/9)	l/s		370
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s		58
KRAFTVERK			
Inntak	moh.	490	435
Avløp	moh.	100	100
Lengde påverka elvestrekning	m		
Brutto fallhøgde	m	390	335
Midlere energiekvivalent	kWh/m ³	0,95	0,79
Slukeevne, maks	m ³ /s	0,3	0,35
Slukeevne, min	m ³ /s	0,05	0,05
Tilløpsrør, diameter	mm	450	450
Tunnel, tverrsnitt	m ²		
Tilløpsrør lengde	m	1970	1597
Installert effekt, maks	kW	999	995
Bruktid	timer	6000	5900
PRODUKSJON			
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	2,86	2,6
Produksjon, sommer (1/5 - 30/9)	GWh	3,41	3,4
Produksjon, årlig middel	GWh	6,27	6,0
ØKONOMI			
Utbyggingskostnad	mill.kr	11,69,9	12,4
Utbyggingspris	kr/kWh	1,86	2,07
<i>Breidalselva minikraftverk, elektriske anlegg planendring</i>			
GENERATOR			
Ytelse	MVA		1100
Spenning	kV		0,4
TRANSFORMATOR			
Ytelse	MVA		>1200
Omsetning	kV/kV		0,4/22
KRAFTLINJE			
	Lengde	Nominell spenning	
	1350	22 kV	

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) sine merknader

Om søkjar

Moane Kraft AS er eit privat selskap under stifting der grunneigarar og fallrettshavarar i omsøkte prosjekt er partseigarar.

Formålet med ei utbygging er å utnytte naturressursgrunnlaget på landbrukseigedomane.

Om søknaden

Det vert søkt om løyve etter vassressurslova § 8 og energilova for bygging og drift av Breidalselva minikraftverk.

Omtale av området og eksisterande inngrep

Breidalselva ligg på vestsida av Gloppenfjorden og utgjer ei sidegrein av Langedalselva som saman med Traudalselva dannar dei to hovudgreinene i det som nederst vert kalla Ryggelva. Breidalselva har sitt utspring i Breidalsvatnet på kote 663. Fjellområda omkring Breidalsvatnet går opp til kote 1100 - 1200. Vassdraget renn i eit typisk fjordlandskap med stor fallhøgde og kort lengde frå fjell til fjord.

Omsøkte tiltak ligg ei skogs- og beiteområde mellom kote 100 og 435. Elveløpet er på denne strekninga omkransa av skogsterreng med lauv- og furuskog, og ligg skjult/nedsenka i fordjupingar i terrenget. Elva passerer Gimmestadstøylen som har eit relativt intakt støylsmiljø. Ein skogsveg med forgreiningar lenger vest kryssar elva like nedanfor støylen. I lisida ovanfor innmarka er det bygd fleire skogsvegar. Vest for Gimmestadstøylen er det frå offentleg mynde godkjent bygging av ein ny skogsveg frå eksisterande parkeringsplass.

Elveleiet går stadvis i morenemassar med grove blokker og på berggrunn. Det er tilnærma ingen inngrep i elva utover kryssingar med skogsveg. I Ryggelva vert det teke ut vatn til settefiskanlegg.

Teknisk plan

Planane er noko endra i høve til dei planane som vart sendt på høyring. Inntaket er trekt lenger ned og røyrgate lenger vest. Etter vårt syn er ikkje endringane av ein slik karakter at det har vore naudsynt å sende dei ut på ny høyring, ettersom dei stort sett ligg innafor same planområde, og i mindre grad påverkar urørt areal. I tala nedanfor om dei tekniske planane så har vi sett inn dei tala som var i søknaden i parentes, slik at dei kjem tydeleg fram.

Overføringar/reguleringar

Omsøkte tiltak omfattar ikkje overføringar eller reguleringar.

Inntak

Inntaket er planlagt utforma med ein betongdam på tvers av elva på kote 435 (490) med ei lengd på om lag 15 m og største høgde 3 m. Elveløpet må utvidast mot vest både av omsyn til å etablere eit basseng for stillestående vatn og bygging av inntaksarrangement for rørgata.

Røyrgate

Etter at inntak er flytta og som følgje av innspel i høyringa er traseen for røyrgata lagt lenger vest for å unngå å kome i konflikt med ei støylsrås til Gimmestadstøylen. Det er lagt fram kart for NVE som syner dette.

Frå inntaket vil røyrkata gå i grøft nedover mot parkeringsplassen vest for Gimmestadstøylen og vidare ned til kraftstasjonen på kote 100. Den nedgravde røyrkata vil bli liggande i avstand 100 – 150 m frå Gimmestadstøylen og 200- 400 m frå elveløpet. Røyrkata med dimensjon 450 mm vil vere ein kombinasjon av glasfiberarmert og stålrør med ei lengd på knapt 1600 (1970 m) m.

Kraftstasjon

Kraftstasjonen vert plassert som bygning i dagen ved elva på kote 100 nedanfor Moafjøsane, og med ein kort avløpskanal tilbake til elva. Grunnflata vert 60 m² med byggemateriale av betong og tre. Aggregatet er planlagt med ei maksimal slukeevne på 350 l/s (300 l/s) og installert effekt på maksimum 995 kW (999 kW).

Vegar

Det må byggast ein anleggsveg på om lag 350 m i lett skogsterreng frå parkeringsplassen ved Gimmestadstøylen og opp til inntaksstaden. Vidare må det tilsvarende byggast ein tilkomst veg på 200 – 300 m frå eksisterande skogsveg og ned til kraftstasjonstomta. Langs røyrkata må det etablerast midlertidig anleggsveg.

Massetak og deponi

Det er ikkje planlagt massetak eller –deponi. Ev. overskotsmassar i samband med røyrkata vert arrondert lokalt. Ev. omfyllingsmassar til røyr må tiltransporterast eller utsorterast frå dei stadeigne massane.

Elektriske anlegg

I søknaden det lagt opp til at kraftverket vert knytt til eksisterande kraftlinje med spenningsnivå 22 kV via ei luftlinje på knapt 1400 m. Linja vil i hovudsak gå gjennom skogsmark. Søkjar har dokumentert at det er kapasitet for produksjonen i eksisterande nettsystem.

Produksjon og kostnader

Gjennomsnittleg kraftproduksjon er utrekna til ca. 6 GWh fordelt på 2,6 GWh vinterkraft og 3,4 GWh sommarkraft. Oppjusterte byggekostnader er estimert til 12,4 mill. kr. Dette gjev ein utbyggingspris på 2,07 kr/kWh.

NVE meiner tala ikkje avvik vesentleg i høve til andre tal som NVE har for slike anlegg. Det vil likevel være søkjar sitt ansvar å vurdere den bedriftsøkonomiske lønsemda i prosjektet.

Arealbruk og eigedomsforhold

Areal som går med til dei planlagde inngrepa er i hovudsak skogs- og beitemark. Areal som blir varig omdisponert ligg i storleiksorden 1 – 1,5 daa.

Alle fall- og grunnrettar er eigd av interessentane i Moane Kraft AS.

Forholdet til offentlege planar

Kommuneplan

I arealdelen av kommuneplanen ligg prosjektområdet i LNF-område. Kommunen har ikkje omtalt spørsmålet om dispensasjon etter pbl i sin uttale, men NVE legg til grunn at det skjer ei avklaring i høve til kommunal arealplan dersom det vert gjeve konsesjon.

Samla plan (SP)

Eit større prosjekt i Ryggelva har vore vurdert i Samla plan, men vassdraget vart teke ut av planen i St. melding nr. 60, (1991-92) på bakgrunn av vurdering for vern.

Verneplan for vassdrag og andre verneområde

Breidalselva og Breidalen inngår i nedbørfelt til Ryggelva som vart verna mot kraftutbygging i verneplan IV i 1993. Grunnlaget for vernet er varierte landskapsformer og verdi som type- og referansevassdrag. Allereie på vernetidspunktet låg øvre del av vassdraget innfor arbeidsgrensene til det foreslegne Naustdal/Gjengedal landskapsvernområde som vart oppretta ved kgl.res. 9. januar 2009. Ut frå karta med innteikna grense for landskapsvernområdet kryssar verneområdet Breidalselva om lag på kote 440.

Inngrepsfrie områder (INON)

Omsøkte utbygging med inntak utanfor grensa for landskapsvernområdet vil medføre ein mindre reduksjon av inngrepsfrie naturområde (INON) i sone 1 og 2. Storleiken på endra arealstatus er ikkje nærmare konkretisert, men utgjer etter flytting av inntaket berre eit lite område i ytterkanten av landskapsvernområdet. Tiltaket påverkar ikkje villmarksprega areal.

Høyring og distriktshandsaming

NVE har ovanfor referert høyringsuttalane. Nedanfor fylgjer ei kort oppsummering av dei einskilte uttalane:

Gloppen kommune rår til at det vert gjeve konsesjon, men presiserer at utbygginga ikkje må knytast til reiselivssatsing i Breidalen, og at støylsruåsa som går langs elva opp til Gimmestadstøylen ikkje må påverkast. Kommunen syner til generelle retningslinjer som seier at dei normalt ikkje skal tilrå utbyggingar i område som har vernerestriksjonar, men finn likevel grunnlag for positiv tilråding ut frå at utbygginga påverkar ein liten del av vassdraget. Til grunn for ei positiv haldning ligg også at sjølv eit kraftverk i denne storleiken vil vere eit pluss for landbrukseigedomane.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane frårår konsesjon under tilsvising til at den vil vere i strid med nasjonale miljøverninteresser ettersom inntaket er plassert innfor eit landskapsvernområde. Fylkesmannen peikar også på vassdragsvernet og at det på basis av andre innmelde prosjekt i vassdraget må utarbeidast ei oversikt og samla vurdering over aktuelle prosjekt. Fylkesmannen viser vidare til store friluftsinnteresser i området og at fråføring av vatn frå elva kan ha ei viss negativ landskapsmessig verknad. Dette gjeld då særleg for strykpartiet nedanfor Gimmestadstøylen. Fylkesmannen viser elles til at ved utfall av kraftverket kan fisk nedanfor verte påverka som fylgje av ei rask endring i vassføringa.

Sogn og Fjordane fylkeskommune går inn for konsesjon på visse vilkår og peikar på overvekt av økonomiske fordelar og styrking av næringsgrunnlaget lokalt. Fylkeskommunen viser til landskapsvernområdet og seier at inntaket må ligge utanfor vernegrensene. Det er nyare tids kulturminne knytt til Gimmestadstøylen og gardfjølsmiljøet på Gimmestad og fylkeskommunen set krav om at desse vert ivaretekne gjennom å justere/korrigere planane for m.a. røyrgate. Det er vert også påpeika at det kan vere eit potensial for automatisk freda kulturminne og fylkeskommunen set krav om at det lyt setjast vilkår om undersøkingsplikt etter kulturminneloven § 9 i ein ev. konsesjon.

Fylkeskommunen tilrår jordkabel mellom kraftstasjon og eksisterande kraftlinje av omsyn til landskap og fugleliv.

Statens vegvesen, Fjordane distrikt har ikkje merknader utover å minne om søknadsplikt for tiltak som får verknad for deira ansvarsområde.

Sogn og Fjordane Turlag ønskjer ikkje kraftutbygginga og meiner det i alle fall er uakseptabelt med inntak innafør landskapsvernområdet som kan skape presedens for andre liknande saker. Turlaget nemner og at lokalisering av inntaket bør vurderast nedanfor Gimmestadstøylen, og peikar elles på verdifullt kulturlandskap/-minne knytt til gamle stiar/ræser opp til støylen. Turlaget går sterkt imot at det vert ei kopling mellom kraftutbygging og reislivssatsing i Breidalen med den konsekvens at det må gjerast ytterlegare naturinngrep. Til liks med fylkeskommunen vil Turlaget at kraftlinja skal gå i kabel fram til tilkoplingspunkt.

Midtre Nordfjord Turlag går ikkje imot kraftutbygginga, men dei peikar på at anlegget ikkje må byggast slik at det øydelegg støylsvegen/stien opp til Gimmestadstøylen. Dei ønskjer berre ei avgrensa bygging av veg forbi støylen og at inngrep over skoggrensa blir arrondert og terrengtilpassa.

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane går i mot å gje konsesjon fordi vassdraget er verna mot kraftutbygging og at inngrepet går ut over type- og referanseverdien. Forbundet viser til at eit inntak innanfor eit landskapsvernområde vil vere i strid med verneformålet. Naturvernforbundet meiner Breidalen er eit viktig friluftsområde for regionen.

Kåre Gimmestad er positiv til utbygginga, men går klart i mot at tiltaket vert kopla opp mot eit mogleg reiselivsprosjekt i Breidalsområdet. Gimmestad meiner dette er ei ulogisk samanblanding av prosjekt som ikkje naturleg høyrer i lag og der realismen i reiselivsprosjektet ikkje er sannsynleggjort. Gimmestad understrekar at rørgatetraseen mellom parkeringsplassen ved støylen og opp til inntaket må tilbakeførast til naturleg terreng for å unngå at denne vert nyttar som startstrekning for ein ev. seinare veg.

Tiltaket sine verknader - fordeler og skader/ulemper

Nedanfor er det vist ei oversikt over kva NVE vurderer som dei viktigaste fordelane og skadene/ulempene ved den planlagde utbygginga:

Fordeler

- Prosjektet vil i følgje søknaden gje ca. 6 GWh i ny årleg kraftproduksjon.
- Landbrukseigedomane utnyttar ein del av naturressursane som kan medverke til vidare satsing i primærnæringa, og gje inntekter lokalt til grunneigarar og kommunen.

Ulemper

- Utbygginga vil medføre redusert vassføring over ei strekning på omkring 1600 m, men vil merkast hovudsakleg på dei første 900 m ned til samanløpet med Langedalselva.
- Det vert fråføring av vatn i eit verna vassdrag som er peika ut til å ha type- og referanseverdi og som ligg tett inn til eit støylsmiljø/kulturlandskap

NVE si vurdering

Omsøkte tiltak omfattar kraftutbygging i Breidalselva som er ei av sidegrein til Langedalselva som dannar ei av hovudgreinene i eit verna vassdrag, Ryggvassdraget, som vart verna gjennom vedtak av verneplan IV. Som grunngeving for vernet, (NOU 1991:12B, Verneplan for vassdrag IV) er det særleg lagt vekt på dei store kulturminna i området knytt til gardsbusetnad og utmarksbruk gjennom

eit langt tidsrom og dessutan mange store og godt bevarte støylsmiljø. Vidare er varierte landskapsformer og objektet sin verdi som type- og referansevassdrag trekt fram som grunngeving for vernet.

Dersom det skal gjevas konsesjon til kraftverk i verna vassdrag er det krav om at installert effekt ikkje skal være større enn 1 MW. Dette er tilfellet her. Vidare skal det ved ein konsesjon vere gitt ei vurdering av verdiane i vassdraget med grunngeving for kvifor desse verdiane ikkje vert svekka, jf. vassressurslova § 35, post 8. Om desse krava er oppfylte skal vassdragsstyresmakta foreta ei vurdering av om fordelane av tiltaket er større enn ulempene for private og allmenne interesser slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. Det kan i så fall gjevast løyve i medhald av vassressurslova § 8. Til eit slikt løyve skal det stillast vilkår for utbygging og drift.

Sidan søknaden vart teke opp til handsaming har Naustdal/Gjengedal landskapsvernområde blitt oppretta ved kgl. res. 9. januar i år.

Parallelt og som ein del av arbeidet med landskapsvernområdet på fylkesnivå, vart det laga ein fylkesdelplan for støyldalane omkring Naustdal/Gjengedal med bl.a. verknad for området som det er søkt om kraftutbygging i. Fylkesdelplanen er ikkje vedteken og areala i støyldalane ligg utafor landskapsvernområdet. NVE legg derfor til grunn at arealet i støyldalane og bruken av dette er styrt av arealdelen i kommuneplanen.

Frå nokre av høyringspartane er det sterk motstand mot å bruke infrastruktur knytt til kraftutbygginga som grunnlag for å satse på turisme/reiselivsprodukt til Breidalen/Breidalsvatnet.

Endringa av prosjektet med flytting av inntaket ned mot Gimmestadstøylen tilseier at eit ev. reiselivsprosjekt ikkje lenger vil få nytte av nye vegar. Vi syner elles til at Breidalsvatnet ligg innafor grensene for landskapsvernområdet, og ut frå forskrifta for verneområdet vert det truleg ikkje gjeve løyve til bygging av nye vegar i verneområde, jf. §3, nr. 1.1 i forskrifta. NVE har i si vidare vurdering difor ikkje lagt vekt på dette tilhøvet.

Hydrologiske verknader

Nedbørfeltet for kraftverket er ca. 6 km² med ei utrekna middelvassføring på 610 l/s og total avrenning på om lag 19 mill. m³. Alminneleg lågvassføring er berekna til 40 l/s, medan 5-persentilverdiane for sommar-og vintersesongen er oppgjeve til høvesvis 370 l/s og 58 l/s. Det er frå søkjar foreslege ei minstevassføring på 40 l/s heile året.

Feltet har lite sjøareal, og saman med ein del høgreliggande areal medfører dette låg vintervassføring og store variasjonar i sommarvassføringa. Elva har typisk høg vassføring i vårmånadene under snøsmelting og normalt om hausten. Mildvørsperiodar om vinteren kan medføre snøsmelting i lågareliggande deler av nedbørfeltet som omsøkte prosjekt får nytte av.

Som grunnlag for utrekning av hydrologiske data er det lag til grunn VM Gjengedalsvatn som ligg noko lenger vest i kommunen. Vassmerket er representativt med omsyn til nedbør og spesifikk avrenning i nedbørfeltet, men er klart annleis i høve til storleik og sjøareal.

Etter planendringa vil om lag 1600 m elvestrekning få mindre vassføring. Strekninga mellom inntaket og samanløpet med Langedalselva utgjer om lag 900 m og det er denne strekninga som får dei største vassføringsendringane. Frå samanløpet med Langedalselva og ned til utløpet frå kraftstasjonen vil endringane i vassføringa bli vesentleg mindre ettersom Langedalselva står for nærmare 3/4 av vassføringa ved samanløpet.

Det er lagt til grunn ei slukeevne på 350 l/s eller om lag 57 % av midlare vassføring. Med basis i avrenningskurvene vil denne slukeevna fjerne ein del av "botnen" av vassføringskurva og dermed redusere noko av det som ein opplever som den jamne vassføringa i elva. NVE meiner på generelt grunnlag at i eit verna vassdrag bør det oppretthaldast ei vassføring som sikrar at elva framleis framstår som hovudelementet i vassdragsnaturen, og samstundes bør slukeevna i kraftverket ikkje vere større enn at det framleis er ein del overløp over inntaksdammen som sikrar ein viss variasjon og dynamikk i elva.

Avrenningskurva for fleirårsmiddel ved VM Gjengedalsvatn tilseier vassføringar i Breidalselva rundt 1300 l/s under snøsmeltinga. I juli/august fell denne til om lag 700 l/s. Planlagde maksimal slukeevne vil dermed ta bort om lag halvparten av vassføringa på ettersommaren i eit middelår. I tørre år vil ei slukeevne på 350 l/s ta fleire av dei små flaumtoppane som vil medverke til variasjonar i vassføring nedstraums inntaket. Det er då lagt til grunn at minstevassføring kjem i tillegg til maksimal slukeevne før det vert overløp. Ut frå kurver for vassmerke Gjengedalsvatn vil ein reduksjon i slukeevne til 300 l/s, slik som først omsøkt, sikre at ein del av desse småflaumane i tørre år vert ivareteke. NVE meiner av denne grunn at maksimal slukeevne må reduserast til ned mot dette nivået ved ein ev. konsesjon. Dynamikken og variasjonane vil etter NVE sitt syn då framleis vere i vassdraget, men vassføringa blir nedskalert.

Landskaps- og vassdragsvern

Uttalane frå fylkesmannen og interesseorganisasjonar viser til at vassdraget er verna mot kraftutbygging og at øvre del av vassdraget inngår i landskapsvernområdet.

Landskapsvern

Landskapsvernområde generelt har svært strenge restriksjonar i høve til inngrep og utelukkar inngrep med mindre slike er godkjende av forvaltningsstyresmakta. Føremålet for landskapsvernområdet er å ta vare på større urørt fjellområde med mindre brear. I lågareliggande delar av landskapsvernområdet ligg det støyldalar med vassdragsnatur og artsrike myrområder.

Av forskrifta for verneområdet går det fram at tekniske inngrep som ville vore naudsynt for bygging av inntak til kraftverket og legging av røyrgate etter opphavleg plan ville kome i konflikt med verneforskrifta. Som følge av dette har søkjar flytta inntaket utanom vernegrensa til om lag 100 m ovanfor Gimmedstøylen. No når inntaket er flytta til utafor grensa har konfliktnivået etter vårt syn vorte sterkt redusert ettersom dette er den delen av planen som dei fleste av høyringspartane har vore mest negativ til.

Det planlagde kraftverksinntaket vil bli liggande i nærområdet til verneområdet, men etter vårt syn vil inntaket med god terrengtilpassing og arrondering etter nokre år bli lite synleg frå nærområdet. NVE legg vekt på at inntaket vert liggande nært opp til eksisterande naturinngrep med skogsvegar. Ettersom inntaket vert nedanfor skoggrensa vil det heller ikkje bli særleg synleg når ein oppheld seg inne i landskapsvernområdet.

Vassdragsvern

Breidalselva inngår i Ryggelva som vart verna mot kraftutbygging i verneplan IV. Grunnlaget for vernet er m.a. knytt til vassdraget sin type- og referanseverdi. Dette inneber at som typevassdrag skal vassdraget vere representativt for andre vassdrag i regionen m.o.t. naturtypar og naturformer med tilhøyrande plante- og dyreliv. Når det gjeld verdi som referansevassdrag er det eit mål at vassdraget skal vere mest mogeleg urørt slik at dei naturlege prosessane får utvikle seg mest mogeleg upåverka av

meneskeleg aktivitet. Dette for at vassdraget kan tene som målestokk for endringar forårsaka av naturinngrep og påverknader av ymse slag i andre vassdrag som er samanliknbare.

I NOU 1991:12B om verneplan IV for vassdrag er Ryggvassdraget vurdert til å ha ein viss verdi som type- og referansevassdrag. Det vert imidlertid påpeika at Nausta har ein større variasjonsbreidde og i naturfagleg samanheng vert denne prioritert framfor Ryggelva. Nausta vart verna ved supplering av verneplan for vassdrag i 2005. Det vert òg vist til at i den nedre delen er Ryggvassdraget noko påverka av tekniske inngrep. NVE vil vidare syne til at i omtalen av vassdraget er det særleg dei to hovudgreinene Langedalselva og Traudalselva som er omtala. Breidalselva er ikkje nemnd.

Det er peika på i nemnde NOU at vassdraget har svært stor verneverdi når det gjeld geofag som er knytt til kvartærgeologiske formasjonar i fjellområda og nedanfor marin grense. Den strekninga som vert påverka av ei utbygging kjem ikkje i konflikt med desse verdiane.

Breidalselva frå Breidalsvatnet og ned til planlagt inntak er lite påverka av inngrep. I nedbørfeltet nedanfor Gimmestadstøyle er det derimot bygd fleire skogsvegar, og ein av desse kryssar elva. Ved støylen er det godkjend ein skogsveg som vil gå 600 -700 m mot vest. Den delen av Breidalselva som ligg innanfor landskapsvernområdet framstår som urørt og desse verdiane vil bli ivaretekne gjennom landskapsvernet. Nedanfor vernegrensa kan arealet derimot ikkje karakteriserast som urørt. Etter NVE si meining vil eit avgrensa vassuttak og slepping av minstevassføring oppretthalde mykje av variasjonen og dynamikken i vassføringa.

Slik NVE forstår nemnde NOU så har den delen av Breidalselva som er aktuell å byggje ut avgrensa verdi som type- og referanseverdi for dei naturfaglege verdiane. Etter vårt syn er denne delen av vassdraget sin referanseverdi ytterlegare forringa som følgje av skogsvegbygginga. Ei utbygging vil elles føre til at ei strekning på om lag 700 m av Langedalselva får redusert vassføring. Så lenge uttaket er avgrensa og det vert sleppt ei god minstevassføring meiner NVE at verknadene her ikkje er avgjerande då Langedalselva har eit nedbørfelt på ca 25 km² ved samanløpet med Breidalselva, medan kraftverket skal utnytte eit felt på om lag 6 km². Verknadene vil då etter vårt syn vere små.

I forhold til naturvern vil NVE elles peike på at eit løyve til utbygging av Breidalselva minikraftverk ikkje vil vere utløysande eller retningsgjevande for ev. løyver til bygging av kraftverk i dei to andre greinene i Ryggvassdraget; Langedalselva og Traudalselva. Ut frå gjeldande reglar for kraftutbygging i verna vassdrag og opprettinga av Naustdal/Gjengedal landskapsvernområdet kan ei utbygging i Breidalselva vere med å heve terskelen for andre kraftutbyggingar i Ryggvassdraget, og særleg i dei to hovudgreinene då vassdraget sin verdi som type- og referansevassdrag i større grad er knytta opp mot desse to vassdragsgreinene.

Fylkesmannen meiner NVE skal vente med handsaming til alle planar ligg føre. Vi har i brev av 20.06.2008 vedteke at bygging av eit småkraftverk i Traudalselva er konsesjonspliktig. Ut over dette har vi ikkje kjennskap til andre planar om utbyggingar i vassdraget.

Friluftsliv

Dalføra Langedalen, Breidalen og Traudalen ligg alle i nedbørfeltet for Ryggvassdraget. Områda har stor verdi for friluftslivet og er viktige utfartsområde for bygdene rundt Gloppenfjorden. Nettet av skogsvegar er sterkt medverkande til den aktive bruken av området også på ettermiddag/kveld. Breidalen/Breidalsvatnet er typisk meir eit område for dagstur og oppleving av urørt fjellområde.

Gamle stier/ræser som ligg innafor området av skogsvegar har ein meir avgrensa bruk, noko avhengig om stien ligg slik til at den kan nyttast som ein del av ei rundløype. Støylsråa mellom Moafjøsane og

opp til Gimmestadstøylen ser likevel ut til å vere i ei særstilling, og fleire av høyringspartane nemner denne både som viktig kulturminne og friluftsvog.

NVE meiner det er viktig at stiar vert ivaretekne som eit alternativ til opparbeidde skogsvegar ettersom verdien/bruken kan knytast til opplevinga av nærkontakt med urørt terreng/natur. Slik planane ligg føre vil ikkje støylsruåa bli påverka av røyrkata etter at denne gjennom planendringa er trekt lenger vest enn i søknaden.

Stien opp til Breidalsvatnet ligg vest for elva og den aktuelle utbyggingsstrekninga er lite synleg frå stien. For dei som går småturar ut frå Gimmestadstøylen i retning av elva kan ei utbygging ha ein negativ påverknad. Dette vil etter vår meining særleg vere knytta til ei kortvarig anleggsperiode. Dersom det vert sleppt ei minstevassføring som tek omsyn til elva som landskapselement, er det vår oppfatning at elva framleis vil ha ei verdi for dei som nyttar nærområdet og området nedanfor Gimmestadstøylen ned mot det mest markante strykpartiet.

Dei etablerte turområda kan etter ein anleggsperiode nyttast som i dag og det er ein føresetnad for anleggsarbeid at stiar ikkje skal øydeleggast/forringast gjennom anleggsarbeid. NVE meiner omsøkte tiltak i liten grad vil påverke friluftslivet dersom det vert sleppt ei viss minstevassføring som ivaretek opplevingsverdien knytt til elva.

Flora og fauna

Den gjennomførte naturundersøkinga viser ingen registreringar av sårbare eller trua naturtypar eller artar i området som særleg er knytt til elva eller vassføringsvariasjonane. Av rapporten framgår det at det ikkje er registrert spesielle lavartar eller mosar, og potensialet for slike er rekna for å vere lågt ettersom området er påverka gjennom skogsvegbygging, skogshogst og aktiv beitebruk.

Naturmiljøet omkring Breidalselva og den aktuelle utbyggingsstrekninga er furuskog og lyng. Både med omsyn til dyr-/fugleartar og plantevegetasjon finn ein denne type naturmiljø i rikt omfang i regionen.

Utbygginga vil etter vår syn ikkje endre eller påføre naturmiljøet permanent skade slik at det ikkje kan reetablere seg etter anleggsperioden. NVE vil sjå til at ei utbygging tek tilstrekkeleg omsyn til dette ved godkjenning av detaljplanar ved ein ev. konsesjon og tilsyn i byggetida.

Landskap

Breidalselva renn mot nordaust i eit fjordlandskap der jordbruks- og kulturlandskapet er dominerande frå fjorden og opp til om lag kote 100. Deretter er det beite- og skogsmark opp til tregrensa på ca. kote 500. Breidalselva renn i den skogkledde delen av lia. Landskapsrommet er relativt ope. Elva er lite synleg i landskapet med unntak av ein kort strekning der den renn over eit svaberg like nedanfor Gimmestadstøylen. Dette elveavsnittet er synleg frå nordsida av Gloppefjorden i situasjonar med stor vassføring, og kan på lang avstand oppfattast som eit fossestryk. I området rundt Gimmestadstøylen renn elva i ein mindre elvedal utan direkte innsyn for stølsvollen.

Ingen av høyringspartane meiner at tiltaket vil forringe landskapet permanent. Fylkesmannen nemner fossestrekninga nedanfor Gimmestadstøylen og viser til at den er synleg frå bygda og fjorden.

Det er NVE si vurdering at fossestryket nedanfor Gimmestadstøylen har størst opplevingsverdi når ein ferdast langs skogsvegen og der denne kryssar elva. Etter NVE si meining vil ei minstevassføring på 40 l/s om sommaren, slik som foreslege, vere for lågt for å ivareta verdien som desse stryka har for

opplevinga av landskapet, og ved ein ev. konsesjon lyt denne vere noko høgare slik at elveavsnittet framleis kan framstå som eit landskapselement av noko verdi.

Frå avstand vil strykstrekninga ikkje dominere landskapsbiletet, men strekninga kan frå nordsida av fjorden opplevast som ein kvit flekk når vassføringa er større enn $1,5 - 2 \text{ m}^3/\text{s}$. I slike høve vil eit avgrensa vassuttak etter vår meining ikkje ha avgjerande verknad for avstandsupplevinga av vassdraget.

Flytting av inntaket ned til kote 430-435 inneber at denne delen av anlegget blir flytt ned i ein glissen del av skogen. Inntaket vert lokalisert til eit mindre elvegjel og inntaket/inntaksområdet vil med god tilpassing i terrenget bli lite synleg i ein driftsperiode.

Med ei avgrensa slukeevne og noko større minstevassføring enn omsøkt vil det vere ei vesentleg vassføring att i elveleiet og opplevinga av landskapet vil etter vår vurdering ikkje bli vesentleg endra i høve til dagens situasjon.

Fisk og fiske

Det er ikkje gjort undersøkingar spesielt knytt til vassfaunaen.

Utbyggingsstrekninga ligg ovanfor anadrom strekning i Ryggvassdraget, som har eit naturleg vandringshinder om lag 1,5 km ovanfor utløpet i sjøen.

Breidalselva har ein liten aurebestand, men dette er fisk som slepper seg nedover elva frå Breidalsvatnet. Breidalselva er relativt bratt med grov elvebotn/svaberg og lite eigna som gyte- og oppvekstområde for fisk. Elva er heller ikkje nytta spesielt til sportsfiske.

Med eit lågt vassuttak og minstevassføring heile året meiner NVE at omsøkte tiltak i liten grad vil endre leveforholda for den lokale fiskebestanden på utbyggingsstrekninga. Det er heller ikkje grunnlag for at fråføringa av vatn vil påverke botnfaunaen negativt slik at det påverkar næringstilgangen, korkje på den anadrome strekninga i nedre del av Ryggvassdraget eller for fugleartar som nyttar elva til næringssøk.

Fylkesmannen meiner anadrom strekning i Ryggelva kan bli påverka av eit utfall i kraftstasjonen. Kraftverket si driftsvassføring er låg i høve til vassføringa i Langedalselva og Traudalselva som renn saman ovafor anadrom strekkje. Eit utfall i kraftverket vil difor etter vår meining ikkje ha særleg verknad for anadrom fisk, og det er derfor ikkje naudsynt med omløpsventil.

Kulturminne/-miljø

Det er både frå fylkeskommunen og andre høyringsinstansar peika på at området er ein del av eit større kulturlandskap der bruk av utmarka med etablering av støyls- og gardfjøs miljø viser den historiske bruken. Støylsmiljøet med si særmerkte utforming og stien ned til bygda er nemnde som viktige kulturminne. I vernet av vassdraget er også desse kulturhistoriske verdiane trekt fram som ein viktig del av grunnlaget for vernet då dei er gitt svært stor verneverdi.

Fylkeskommunen peikar på at det ikkje er registrerte kulturminne som er automatisk freda i området, men at dette truleg skuldast manglande registreringar. Dei sett difor sett krav ved ein ev. konsesjon at det lyt gjennomførast registreringar då støylsområdet og ressursbruken i utmarka har lang historie. Eit slikt krav er dekkja av konsesjonsvilkåra om det vert gjeve konsesjon til kraftverket.

Fylkeskommunen nemner gardfjøs miljøet på Moane og ønskjer at kraftverket vert flytt ovanfor dette.

Etter NVE si vurdering vil ei plassering av inntaket og kraftstasjon som omsøkt i planendringa medføre minst ulempe for kulturminne/-miljø som ein vil ta vare på. Inngrepa vil i hovudsak bli liggande utanfor dei areala som må kallast som kjerneområdet for kulturminne dersom ein definerer dette til området for Moafjøsane – støylsråsa – Gimmestadstøyle. Med planlagde løysing vil ein unngå direkte inngrep i desse viktige kulturmiljøa.

Kraftstasjonen er planlagt til eit område med ruin/grunnmur av ein sagbruksbygning som har brukt elva som energikjelde. Området er i dag gjenvakse av lauvskog og ingen av dei tekniske innretningane knytt til bruk av vatn er synlege. Dagens tilstand har liten historisk dokumentasjonsverdi, men NVE er likevel av den oppfatning at kraftstasjonen bør plasserast slik at den ikkje hindrar ev. framtidige planar for å gjenskape heile eller delar av sagbrukmiljøet. NVE meiner at dersom fylkeskommunen vert trekt inn i detaljplanlegginga for kraftverket når det gjeld å ta naudsynt omsyn til nemnde kulturmiljø, og at det vert gjennomført ei registrering i tråd med undersøkingsplikta etter kulturminnelova vil ikkje tiltaket påverke dei historiske kulturmiljøverdiane i ein slik grad at det er i strid med vassdragsvernet.

Konsekvensar av kraftlinjer

Det er planlagt luftlinje på knapt 1400 m frå kraftstasjonen og fram til eksisterande 22-kV kraftlinje. Linja vil gå gjennom skogs- og landbruksareal og er planlagt slik at den i hovudsak vil følgje eksisterande skogs- og kommunal veg. Linja vil gå på areal som er eigd av interessentane i prosjektet.

Både fylkeskommunen og Turlaget ønskjer at kraftlinja vert lagt som nedgraven kabel.

Ei linje vil verte bygd som del av områdekonsesjonen for lokal netteigar etter at planane har vore på ei avgrensa høyring til lokale og regionale styresmakter og grunneigarar. NVE meiner at val av linjeframføring kan gjerast som del av denne prosessen.

Oppsummering

Breidalselva minikraftverk vil etter planane som ligg føre gje ein ny årleg kraftproduksjon på omkring 6 GWh/år. Det er lokale grunn- og fallrettseigarar som vil få styrka næringsgrunnlaget gjennom ei utbygging.

Den omsøkte utbygginga vil ha negative verknader for naturverninteressene ved at kraftverket er planlagt i eit verna vassdrag. Fråføringa av vatn vil først og fremst merkast på den 900 m lange strekninga frå inntaket og ned til samanløpet med Langedalselva. Vassuttaket er relativt lite og vil etter vår vurdering ha avgrensa verknader for verneverdiane i Ryggvassdraget. Dette gjeld både for Ryggvassdraget som type- og referansevassdrag då Breidalselva har fleire kryssingar med skogsvegar slik at området for rørgate og kraftstasjon i dag ikkje framstår som urørt, og også for dei meir konkrete verdiane knytt til kvartærgeologi og kulturmiljø. Inngrep for inntak, rørgate og kraftstasjon kan avdempast med avbøtande tiltak. Rørgatetraseen vil bli synleg over ei tid, men vegetasjonen vil på sikt reetablere seg ettersom anleggsvegen i traseen skal fjernast etter anleggsfasen.

Med slepp av minstevassføring heile året og noko mindre slukeevne i kraftverket enn omsøkt, meiner NVE at verknadene for dei allmenne interessene kan aksepterast. Verneverdiane i vassdraget vert etter vår meining vert etter vår meining ikkje påverka i vesentleg grad. Tiltaket er difor etter vårt syn ikkje i strid med vassressurslova § 35, post 8.

NVE sin konklusjon

Etter ei samla vurdering av planane og innkomne uttalar meiner NVE at fordelene med Breidalselva minikraftverk er større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Moane Kraft AS løyve etter vassressurslova § 8 til bygging av Breidalselva minikraftverk med maksimal slukeevne på 300 l/s. Løyvet vert gjeve på nærmare fastsette vilkår.

Forholdet til energilova

Det er også søkt om løyve etter energilova for installasjon av elektriske høgspenningsanlegg og bygging av om lag 1400 m 22 kV luftlinje fram til eksisterande linjenett.

SFE Nett har som netteigar og områdekonsesjonær blitt kontakta om linjetilknyttinga og har stadfesta at det frå 2009 vil vere kapasitet for Breidalselva minikraftverk på den aktuelle linja. SFE Nett har vidare informert om at Moane Kraft AS må betale anleggsbidrag etter gjeldande retningslinjer.

Verknadene av linja inngår i NVE si heilskapsvurdering av planane. Etter NVE si vurdering vil kraftlinja og traseen for denne ikkje vere til hinder for bygging av kraftverket.

Områdekonsesjonær skal stå for bygging og drift av anlegget. Vi finn det ikkje naudsynt med eigen anleggskonsesjon etter energilova for tilknytning til 22 kV nett. Nødvendige høgspenningsanlegg, inkludert transformering, kan byggast i medhald av nettselskapet sin områdekonsesjon.

Merknader til konsesjonsvilkåra

Vilkåra for denne utbygginga er basert på standard konsesjonsvilkår for kraftutbyggingar der NVE gjeve løyve etter § 8 i vassressurslova. Nedanfor er det kommentert dei postane som er spesielt tilpassa omsøkte utbygging eller forhold det har kome innspel til gjennom høyringa.

Post 1: Vasslepping og driftsvassføring

Følgjande data for vassføring og slukeevne er henta frå planendringa og lagt til grunn for NVE si vurdering av minstevassføring og driftsvassføring:

Middelvassføring	l/s	610
Alminneleg lågvassføring	l/s	40
5-persentil sommar	l/s	370
5-persentil vinter	l/s	58
Største slukeevne	l/s	350
Minste slukeevne	l/s	50

Slepping av minstevassføring er ikkje spesielt nemnt av høyringspartane, men NVE finn grunnlag for å kommentere dette ettersom minstevassføring er eit viktig avbøtande tiltak. Søkjar foreslår å sleppe ei minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring på 40 l/s.

Maksimal slukeevne er 350 l/s eller 57 % av middelvassføringa. Naturlege variasjonar i vassføringa vil bli endra på den 900 m lange strekninga i Breidalselva med størst negativ effekt på strekninga ved og nedanfor Gimmestadstøylen. Som vi har drøfta under avsnittet om hydrologi lenger fram, vil ei slik

slukeevne i år med lita vassføring, kunne ta ein del mindre flomtoppar, og særleg vil dette gjere seg gjeldande i sommarsesongen. NVE meiner at med ei reduksjon i kraftverket si maksimale slukeevne til 300 l/s, så vil vassdraget i langt større mon framstå med ein variasjon i vassføringa over året slik at det ikkje i same grad er kraftutbygginga som framstår som eit dominerande element.

Fråføringa av vatn vil først og fremst vere synleg ved vassføringar rundt middelvassføringa eller lågare, dvs. på ettersommaren og om vinteren. Den simulerte vassføringskurva med basis i vassmerket i Gjengedalsvatnet viser stor variasjon gjennom året i avrenninga. Etter NVE si vurdering er vassføringa i Breidalselva i stor grad avhengig av nedbørfeltet til Breidalsvatnet ettersom terrenget langs elva drenerer få bekkar inn i den berørte elvestrekninga. Breidalsvatnet har ein viss magasin effekt, men gjev låg avrenning på ettersommaren og om vinteren, og vassføringsvariasjonane, spesielt på ettersommaren/tidleg haust, vil vere noko mindre enn det som kjem fram på den framstilte vassføringskurva.

Elva har ei viss landskapsmessig verdi, både i høve til stryket nedanfor Gimmestadstøylen og for dei som oppsøker elva med utgangspunkt frå Gimmestadstøylen.

Etter vår meining er 40 l/s for lågt når det gjeld å ta vare på desse verdiane i sommarsesongen ettersom dette er ei vassføring som ikkje i særleg grad gjenspeglar den naturlege vassføringa i denne perioden.

NVE fastset difor av omsyn til landskapet og naturmiljøet ei minste vassføring på 100 l/s i tida 1. mai til 30. september og 40 l/s resten av året. Er tilsiget mindre enn kravet til minste vassføring skal heile vassføringa sleppast forbi. Brutto produksjonstap ved slepping av minste vassføring vert om lag 0,6 GWh/år. I realiteten vert det mindre då det vert fleire periodar med overløp der minste vassførings slepp ikkje har noko å seie for kraftverket sin produksjon.

Ved inntaksdammen skal det etablerast måleanordning for registrering av minste vassføring. Den tekniske løysinga for registrering og dokumentasjon av minste vassføringa skal inngå i godkjenninga av detaljplanane. Dataene for slepping av minste vassføring skal leggjast fram for NVE på førespurnad.

Kraftverket må driftast med mest mogleg jamn køyring i takt med tilsiget. Typisk start/stopp-køyring skal ikkje forekomme.

Post 4: Godkjenning av planer, landskapsmessige forhold, tilsyn m.m.

Detaljplanar for inntak/dam, rørgate og kraftstasjonsbygning skal godkjennast av NVE sitt regionkontor i Førde før arbeidet vert sett i gang. I tråd med drøftingane ovanfor skal detaljplanfasen avklare løysingane for inntak og dam. Dammen skal byggast i betong og det må vektleggast løysingar der inntaket blir minst mogleg synleg i terrenget. Inntaksplasseringa og røyrtraseen skal vere i tråd med kva som er lagt fram i planendringa og NVE vil særleg merke at det må vektleggast terrengtilpassa løysingar for inntak og første 60- 80 m av rørgate for å unngå at det framstår høge skjeringar i terrenget.

Anleggsvegen frå parkeringsplassen ved Gimmestadstøylen og opp til inntaket skal i hovudsak tilbakeførast til terrenget etter anleggsperioden, men slik at den kan nyttast av køyretøy for drift og tilsyn av inntaket. Det må vurderast oppsetting av ein enklare bom. Ved inntaket skal det etter anleggsperioden ikkje leggjast til rette for større trafikkareal med tanke på parkering for køyretøy.

Røyrkata skal gravast ned på heile strekninga med mindre NVE av miljømessige årsaker tillet noko anna.

NVE syner til uttalen frå fylkeskommunen som seier at ev. tiltak må ta omsyn til gamle bygningsmiljø på Gimmestadstøylen og ved Moafjøsane. Fylkeskommunen skal difor involverast i detaljplanane når

det gjeld å ta omsyn til kulturmiljøet. Det er likevel NVE som har avgjerdsrett ved usemje så lenge det ikkje er automatisk freda kulturminne det gjeld.

Vi syner elles til merknaden til post 6 om kulturminne

Post 5: Naturforvaltning

Ev. pålegg etter posten føreset direkte samanheng mellom ev. skader/ulempar og det avbøtande tiltaket, og det må vere eit rimeleg forhold mellom nytte og kostnad.

Post 6: Automatisk freda kulturminner

Det skal ligge føre ei avklaring og godkjenning frå fylkeskommunen når det gjeld kulturminneregistreringar før byggjearbeida kan setjast i gong. NVE legg til grunn at tiltakshavar tek naudsynt kontakt med kulturavdelinga hos Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Post 8: Tersklar m.v.

På dette tidspunkt er det lite aktuelt med krav til tersklar eller andre tiltak etter vilkåret på berørt strekning. Det er likevel teke med standard vilkår om dette dersom det i framtida kan bli aktuelt.

Andre merknader

NVE har fått opplyst frå søkjar at det i kommuneplanen, som er under arbeid, er lagt inn eit hyttefelt på om lag 45 daa like vest for Gimmestadstøylen, og som vil ligge inntil grensa for landskapsvernområdet. Ettersom kommuneplanen ikkje er vedteken har NVE ikkje funne grunnlag for å vektlegge inngrep knytt til dette som ein del av vurderinga av det samla inngrepsomfanget i området omkring Gimmestadstøylen.

Fylkesmannen har i sin uttale vurdert tiltaket som lovleg etter forureiningslova. Dette omfattar driftsperioden. Det må takast kontakt med fylkesmannen for naudsynte løyver i samband med anleggsperioden dersom det skal etablerast i riggar el. liknande.